
namn og nemne

Tidsskrift for
norsk
namnegransking

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG
REDAKTØRAR:
GUNNSTEIN AKSELBERG OG KRISTOFFER KRUKEN

ÅRGANG 26 – 2009

NORSK NAMNELAG, BERGEN

namn og nemne

Tidsskrift for
norsk
namnegransking

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG
REDAKTØRAR: GUNNSTEIN AKSELBERG OG KRISTOFFER KRUKEN

ÅRGANG 26 – 2009

NORSK NAMNELAG, BERGEN

Manuskript og bøker til melding:
Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen,
LLE, Postboks 7805, N-5020 Bergen.

Abonnement gjennom Norsk namnelag,
UIB, LLE, Postboks 7805, N-5020 Bergen.

Årsabonnement for 2009 kr. 150,-

Bankkonto 6501.41.08704

Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

«Namn og Nemne» vert utgjeve av Norsk namnelag.
Utgjeve i 2009.

Trykt med støtte frå Noregs forskingsråd.

©Den enkelte forfattaren

ISSN 0800-4684

Grafisk produksjon: Sats Montasje Design AS

Innhald

Gudlaug Nedreid: Titlar og tilnamn i Heimskringla.....	7
Kristin Sundve Sannan: Sakrale stedsnavn i Østfold. Et omdiskutert navnemateriale sett i et utviklingsperspektiv	27
Ola Syrstad: Fargenemningar i gamle kunamn.....	41
Audun Knappen: Fra Nordahl Griegs vei til Willy Valentinsens vei Noen utfyllende kommentarer fra et lokalområde.....	49
Gero Lietz: Ideologisch motivierte Ortsnamenkonflikte in Mitteleuropa ..	57
Solveig Wikstrøm: Etternavn, tilknytning og identitet i det post-tradisjonelle samfunnet.....	93
Bokmelding	111
Tilsend litteratur.....	115
Medarbeidarar i årgang 26	117

Forkortingar

AB	= Aslak Bolts Jordebog ... udg. af P. A. Munch. Christiania 1852
ANF	= Arkiv för nordisk filologi
BK	= Björgynjar kálfskinn. Edidit ... P. A. Munch. Christiania MDCCCXLIII
da.	= dansk
DN	= Diplomatarium Norvegicum. I–. Christiania/Kristiania/Oslo 1847–
DS	= Danmarks Stednavne. I–. København 1922–
fi.	= finsk
frank.	= frankisk
gda.	= gammaldansk
geng.	= gammalengelsk
germ.	= germansk
gfr.	= gammalfransk
gfri.	= gammalfrisisk
ghty.	= gammalhøgtysk
gind.	= gammalindisk
gir.	= gammalirsk
glty.	= gammallågtysk
gno.	= gammalnorsk
gnord.	= gammalnordisk
got.	= gotisk
gprov.	= gammalprovençalsk
gr.	= gresk
gsv.	= gammalsvensk
gæl.	= gælisk
ie.	= indoeuropeisk
isl.	= islandsk
KLNM	= Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. 1–22. Oslo 1956–78
lat.	= latin
lett.	= lettisk
mlty.	= mellomlågtysk
MM	= Maal og Minne
mnl.	= mellomnederlandsk
NE	= O. Rygh: Norske Elvenavne. Kristiania 1904
NG	= O. Rygh et al.: Norske Gaardnavne
nl.	= nederlandsk
NLR	= Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567. I–VI. Oslo 1937–39
NN	= Namn og Nemne
no.	= norsk
NoB	= Namn och bygd
NPL	= K. Kruken og O. Stemshaug: Norsk personnamnleksikon. 2. utg. ved K. Kruken. Oslo 1995
NRJ	= Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16 ^{de} Aarhundrede. Udg. ... ved H. J. Huitfeldt-Kaas og O. A. Johnsen. I–V. Christiania/Oslo 1887–1966/83
NS	= O. T. Beito: Norske sæternamn. Oslo 1949
NSL	= J. Sandnes og O. Stemshaug (red.): Norsk stadnamnleksikon. 4. utg. Oslo 1997

OE	= Olav Engelbrektssøns jordebog. ... Udg. ... ved Chr. Brinchmann og Johan Agerholt. Oslo 1926
RB	= Biskop Eysteins Jordebog (Den røde Bog). Fortegnelse over det geistlige Gods i Oslo Bispedømme omkring Aar 1400. ... udg. ved H. J. Huitfeldt. Christiania 1879
SAS	= Studia anthroponymica Scandinavica
seinlat.	= seinlatin
st.	= stamme, stomm
TR	= Trondhjems Reformats 1589. Norske kyrkjelege jordebøker etter reformasjonen. 2.1–104. Utg. ... Anne-Marit Hamre. Oslo 1983
ØK	= Økonomisk kartverk

Uttale

Uttalen er attgjeven i fonemisk transkripsjon, mellom skråstrekar. IPA-symbol er nytta.

Forklaring av nokre symbol:

/l/	= tonem 1 (i nontonemiske målføre: hovudtrykk)
/ll/	= tonem 2
/./	= bitrykk

Titlar og tilnamn i *Heimskringla*

Av Gudlaug Nedrelid

In diesem Aufsatz wird das Verhältnis zwischen den Kategorien Beinamen und Titel in Snorri Sturlusons Heimskringla erörtert. Zuerst wird die Diskussion über die Kategorie Beinamen referiert, und die Beinamen werden in vier Unterkategorien eingeteilt: Beiname nach Eigenschaften der Namenträger oder Handlungen, wodurch er bekannt geworden ist, Beiname nach Wohnsitz oder Heimatort, Beiname nach Familienverhältnissen (hauptsächlich Patronymika), und Beiname nach Amt oder Beruf. Verschiedene Forscher haben die Kategorie Beinamen weit oder eng definiert, und es ist tatsächlich möglich, die ganze Kategorie wegzudefinieren. Das ist aber nicht nützlich, wenn man das onymische System einer älteren Quelle zu verstehen und zu beschreiben wünscht. Eine einfache Funktionsdefinition, die erlaubt, alle Namen, Beinamen und appellativen Zusätze mitzunehmen (wie in Pettersen 1981), fällt besser aus. Ein besonders schwieriges Gebiet ist das Verhältnis zwischen Beinamen und Titeln, denn Titel und Berufsnamen sind von den meisten Forschern nicht als Namen definiert, weil sie gewöhnliche Appellative sind. Doch gehen allerlei Titel als Erstglied in Patronymika ein (hier Titelpatronymika genannt), und auch in andere Beinamen, die von Familienrelationen erzählen, genau wie Personennamen. Solche Beinamen (wie Königsbruder, Bischofstochter), sind in dem Standardwerk über altwestnordische Beinamen (Lind 1920/21) registriert worden. Das Material in Heimskringla zeigt deutlich, dass Titel wie z.B. jarl (Jarl), konungr (König), lögmaðr (Lagmann) und prestr (Pfarrer) mitten in einem mehrgliedrigen Gesamtnamen stehen können, wie Ari prestr inn fróði Þorgilsson, Gyrðr lögmaðr Gunnhildarson, Hákon jarl inn ríki, Haraldr konungr Sigurðarson und Hróaldr prestr langtala. Die tentative Konklusion wird sein, dass Titel wie Jarl, König, Pfarrer, Skald usw., obwohl sie appellative Substantive sind, als ein Namenglied fungieren, wenn sie bei einem Personennamen stehen, und deshalb in solchen Positionen auch als Beinamen erfasst werden müssen.

Då eg arbeidde med kvinnetilnamn i *Heimskringla* i 1999 (sjå Nedreliid 2002) var det korkje tid eller plass til å diskutera grensedragingsproblemet mellom tilnamn og titlar, og mannstilnamni fall utanfor i den dåverande samanhengen.¹ Her vil eg drøfta forholdet mellom tilnamn og appellativ med utgangspunkt i namnematerialet i *Heimskringla* (Finnur Jónssons utgåve frå 1911, heretter forkorta HK). Denne gongen er mannstilnamni ogso med.

1. Kategorien tilnamn

Termen tilnamn blir brukt på ulike måtar i ulike fagmiljø i Norden, og det har forårsaka mykje diskusjon (jf. Brylla 1999a: 71 f., Nedreliid 1999: 96 f.). Diskusjonen av kva slags innhald termen dekkjer, har ogso vore lang, som ventande kan vera, for kategorien er og blir flytande: «Vi ha alltså sett, att binamnen å ena sidan flyta ihop med yrkesbenämningar och andra (mera tillfälliga) attribut, å andra sidan äro svåra att skilja från dop- och familjenamn» (Ekbo 1948: 271). Tilnamnskategori er ein sekk som er open i begge endar. Her er det irrelevant å drøfta grenseoppgangen mot slektsnamn. Heller ikkje forholdet mellom tilnamn og førenamn er særleg aktuelt i dette materialet. Derimot er grensa mellom tilnamn og andre tillegg med utmerkande funksjon (som eventuelt ikkje er tilnamn), høgst aktuell. Tilnamni står i ei særstilling:

Binamnen intaga en egendomlig mällanställning mällan appellativer ock proprier. De kunna tjänstgöra som egennamn äller så att säga vikariera för dopnamnen, men de förlora aldrig, såsom fallet mestadels är med dessa, den appellativa bemärkelse, som legat til grund vid deras tillkomst (Lind 1920/21: III).

Eit tilnamn kan grovt definerast som eit tillegg til førenamnet: «Ett binamn är ett namn som en person bär vid sidan av det «riktiga» namnet, förnamnet/dopnamnet/huvudnamnet» (Brylla 1999b: 11). Tilnamnet tener til å identifisera, eller ogso å karakterisera beraren (døme: Olav *Haraldsson*, Hårek *på Tjøtta*, Sigvat *Skald*, Asbjørn *Selsbane*).² Tilnamnet eller tillegget (utmerkingsleddet) kan stå føre eller etter namnet, *Steigar-Tore*, *Tore på Steig* (jf. Andersson 1983: 16 ff., Otterbjørk 1983: 115 f., Pettersen 1981: 89, Nedreliid 1998b: 197). Tilnamnet kan stå absolutt (Andersson 1983: 16), som ei erstatning for førenamnet (døme: *Selsbanen*). Andersson slær jamvel fram på å gjera det til eit kriterium for at det kan reknast som namn, at det kan stå absolutt (Andersson 1983: 18, fullstendig sitat i 1.1.1 nedanfor). Mot dette kan det innvendast at det at eit namn kan vera eit tilnamn når det ikkje står *til* noko (eller på svensk eit *binamn*, når det ikkje bistår noko) vel ogso inneber ei sjølvmotseiing. Det ser likevel ut til å vera allmenn semje om at denne

typen er tilnamn, eller jamvel at dette er dei eigentlege tilnamni (sjå drøfting i Andersson 1983).

1.1 Inndeling i underkategoriar

Tilnamn har vore inndelte i ulike underkategoriar etter innhald (jf. m.a. Ekbo 1948, Pettersen 1981: 73 ff.). Karl Rygh skreiv fylgjande om tilnamn i 1871:

Disse tilnavne have oftest hensyn til personens legemlige eller aandelige egenskaber, ofte ogsaa til en eller anden handling, hvorved han har gjort sig navnkundig, undertiden til hans bopæl eller oprindelige hjemstavn eller ogsaa til hans slektskabsforhold eller stilling, og endelig stundom til mundheld (Rygh 1871: V f).

I Nedrelid 2002 delte eg materialet i fire underkategoriar etter innhald basert på Ryghs formuleringar (Nedrelid 2002: 252 f.):

- Type 1) Referanse til personlege eigenskapar eller handlingar (døme: Olav *Digre*, Ragnhild *den mektige*, Asbjørn *Selsbane*).
- Type 2) Referanse til bustad eller heimstad (døme: Hårek *på Tjøtta*, Tora *frå Romol*).
- Type 3) Referanse til familieforhold (døme: Olav *Haraldsson*, Kristin *kongsdotter*).
- Type 4) Referanse til stilling eller yrke (døme: Karl *Bonde*, Jorunn *skaldmøy*).

Eg har altså teke med «mundheld» i den fyrste typen. Kategoriane samsvarar grovt sett med Lena Petersons inndeling (Peterson 1983: 124). I 2002 (opphavleg 1999) problematiserte eg ikkje desse kategoriane, for då var ærendet eit anna. Men ingen av dei er eintydige og uproblematisk, jf. diskusjonen på NORNA-symposiet i 1981 (*NORNA-rapporter* 23).

1.1.1 Eigenskapar og handlingar

Den første typen, med referanse til eigenskapar, lekamlege eller åndelege, hjå beraren, eller til handlingar som han har vorte namngjeten ved, er kanskje den typen dei fleste umiddelbart assosierer med personlege tilnamn.³ Somme av desse kan stå absolutt, som ei erstatning for førenamnet, døme: «þar sitr hann *Selsbani* (mi utheving)⁴ við stýrti í blám kyrftli» (HK: 301), kanskje ogso «ber þú hundinn, er eigi bita járn» (HK: 402, om Tore Hund). Eit tilnamn må reknast som underordna i forhold til det namnet det står til, tillegget er eit adledd i ein substantivfrase⁵ (der namnet er kjernen), ofte eit adjektiv (som *digre*, *lange*, *skakke*). I Thorsten Anderssons innlegg i 1983, der han inndeler etter syntaktiske kriterium, set han spørsmålsteikn ved denne typen:

Till binamnen brukar också räknas en tredje typ, som inte uppfyller kravet på att kunna brukas självständigt: 3) binamnselement som används som bestämning till ett officiellt namn. Exempel på sådana bestämningar är framför- eller efterställt adjektiv, t.ex. *Lange* i *Lange Bonde*, *svarte* i *Halvdan svarte*, och prefigerat element, t.ex. *Strut-* i *Strut-Harald*. [...] Sådana här bestämningar kan normalt inte användas i stället för det officiella namnet. De kan, lite tillspetsat uttryckt, inte sägas vara namn, men räknas ändå som binamn, vilket ju är en självmotsägelse (Andersson 1983: 17 f.).

Det kan Andersson självsagt ha rett i. Men om me skulle sett so strenge krav, ville store delar av det som tradisjonelt har vore rekna som tilnamn falle ut av diskusjonen. Dessutan er Anderssons viktigaste argument for at dei ikkje er namn, at dei ikkje kan stå sjølvstendige. Og det gjer dei, som han seier, normalt ikkje. Men unntak finst. «Adjektiv kan emellertid övergå till att användas som förnamn/dopnamn, jfr *harde*, *Hardæ*» (Peterson 1983: 127), sameleis *fróði*>*Frode* (Kruken 1995: 90), *Gamli* og evt. *Helgi* (Janzen 1948: 53).

Eg tek med typen med utmerkingsledd i diskusjonen, for, som Andersson ogso seier, viser alle typene «klar funksjonell berøring» (1983: 19), og etter mitt syn er funksjonen det viktigaste. I mange eldre framstillingar har då ogso for-gjengarane våre skildra namneskikk og namnebruk i tråd med denne breie definisjonen. Andersson kallar slike tillegg for *binamnselement* (1983: 19). Eg har sjølv forsøksvis brukt termen *kjenneledd*,⁶ etter mønster av *kjenneord*, bestemmarordet i ein kjenning (poetisk omskriving i norrøn poesi, sjå Mundal 2004: 249).

1.1.2 Bustad eller heimstad

Den andre typen, med referanse til bustad eller heimstad (døme: Hårek *på Tjøtta*, Tora *frå Romol*) har ogso vore anfekta. Sven Ekbo skriv om «den gamla formen med preposition framför» at det er «en form som icke brukar inræknes bland binamnen i vanlig mening» (Ekbo 1948: 276). Lena Peterson seier at dei syntaktisk kan samanliknast med typen *Blonda Anna*, og antydar at kanskje desse òg er «binamnselement» (Peterson 1983: 126). Finn Hødnebo seier at «det fins neppe noen morf[ologisk] el[ler] semantisk begrensning for dannelse av t[ilnavn], alle muligheter synes å stå åpne» (Hødnebo 1974: sp. 319), og han har med prep.uttrykk i si liste over mogelege typar. Men han skriv og at «Stedsnavn med prep. (*å*, *frå*, *i*, *ór*) er en vanl. brukt bestemmelse til personnavn, men forholdsvis tidlig kan stedsnavnet knyttes direkte til personnavnet og må da oppfattes som et eg. t[ilnavn]» (sp. 320). Dette kan kanskje tolkast slik at Hødnebo meiner prep. + stadnamn må oppfattast som eit «ueigentleg» tilnamn.

Eg forstår ikkje kvifor det skal vera naudsynleg å gjera forskjell på stadnamn med og utan preposisjon, og eg har ein mistanke om at det er eit skrivebordsproblem. I levande namneskikk er det no eingong slik at somme gardsnamn krev preposisjon og andre gjer det ikkje, når dei blir brukte som tilnamn, eller uoffisielle etternamn, etter eit personnamn (døme finst i Nedreliid 1998b). Preposisjon eller mangel på preposisjon gjer ingen skilnad på om dei er meir eller mindre tilnamn i slike tilfelle.

1.1.3 Familieforhold

Den tredje typen refererer til familieforhold, og fortel oss vanlegvis kven beraren er barn av (patronym og metronym).⁷ Men det kan også fortelja oss kven vedkomande er gift med (maritonym), er bror til, er i svogerskap med (*mágr*),⁸ eller generelt i familie eller fosterfamilie med. «Familietilhøyrighet ellers uttrykkes ved leddene *-bróðir, -systir, -kona, -ekkjja, -mágr, -stjúpr, -fóstri*» (Hødnebø 1974: sp. 320). Denne typen har vore særleg mykje anfekta, og somme elles forstandige folk har vilja utdefinert han heilt or tilnamns-kategorien.⁹ Lena Peterson seier at «Patro- och metronymika på (-)son och (-)dotter räknas i allmänhet inte till binamnen (tillnamnen)» (Peterson 1983: 125), og ho viser m.a. til Ekbo 1947 (her 1948), Modéer 1955 og 1964 og Hildebrand 1961 (ibid., fotnote 21).

Men det lek mellom teori og praksis. Sven Ekbo seier at «Den utan gensägelse vanligaste typen av släktskapsbetecknande *namn* är sammansättningar med -son och -dotter, vilka dock i allmänhet icke pläga räknas som binamn. Dessa *namn* äro vanliga på runstenarna osv.» (Ekbo 1948: 279, mine uthevingar). Ivar Modéer skriv innleiingsvis i sitt kapittel om «Binamn i gammal tid» at «namnattribut av olika slag (titlar, yrkesbeteckningar, prepositionsattribut, patronymika och metronymika) är vanliga i medeltida urkunder. Utanför dessa grupper faller de egentliga binamnen» (Modéer 1964: 96). Med andre ord er referanse til familieforhold etter dette «namnattribut», og ikkje tilnamn. Men tre sidor lenger bak skriv den same Modéer at «Binamn som betecknar härkomst eller släktskap är vanliga» (Modéer 1964: 99).

Det er, som vist over, fullt mogeleg å utdefinera typen med formell og teoretisk grunngeving, og somme gjer det. Men då utdefinerer ein samstundes storparten av materialet, og det blir bortimot umogeleg å beskriva namneskikken slik han var. «I så fall faller alla de släktskapsbetecknande attributen i mitt material för det strecket», konstaterer Lena Peterson (1983: 125). «Patronymika opptre alt i de eldste skr. kilder og har vært alm. gjennom hele middelalderen» (Hødnebø 1974: sp. 319). Patronym er, etter min observasjon, den vanlegaste tilnamnstypen i *Heimskringla*. Lind har ikkje med vanlege førenamns-patronym i sitt oversiktsverk. Derimot har han teke med det eg har kalla tittelpatronym (sjå nedafør), som t.d. *iarls son* og *konungs dóttir* (Lind 1920/21: sp. 175, 212).

1.1.4 Stilling eller yrke

Den fjerde typen, referanse til stilling eller yrke, er ein endå meir utsett kategori som tilnamn, for det er ingen tvil om at dette faktisk *er* appellativ, og derfor ikkje har vore rekna som namn; jf. at «en beteckning för yrke eller sysselsättning i allmänhet knappast kan räknas för et sådant» (dvs. namn) iflg. Sven Ekbo (1948: 270), iallfall ikkje so lenge vedkomande person faktisk utøver det yrket det blir opplyst om i tittelen. Når personen ikkje driv i faget, ser det ut til å vera allmenn semje om at dette er tilnamn.¹⁰ «Vansken ligg i å finna når ei yrkesnemning går over til å verta eit tilnamn», seier Tom Schmidt (1983: 161).

På den andre sida vil nedarva yrkesnemningar etter kvart bli brukte av familiar,¹¹ ikkje berre av individuelle berarar, medan dei verkelege titlane og yrkestermane i langt høgare grad er individual-karakteriserande. «Då en benämning som icke är ett dopnamn, *enbart* kan användas som namn på den ifrågavarande personen, ha vi i regel att göra med ett binamn,» iflg. Sven Ekbo (1948: 270). Men slik kan titlar (som *kongen* og *jarlen*) og yrkesnemne (som *presten* og *smeden*) ogso brukast, i både eldre og nyare kjeldor, i ein avgrensa krins av språkbrukarar. I kong Olavs fylgje var det neppe meir enn ein referent for nemningi *konungr*. Dessutan går slike termar og titlar fort vekk inn i patronymikon og slektskapsrefererande tilnamn (eller attributive tillegg, om ein heller vil det). Hødnebø skriv om slektskapsleddi at «de kan også knyttes til opphavspersonens eg. t[ilnavn]: *kotkarls-mågr*, *ikornakona*, til yrke: *prestsson*, *ármannsson*» (Hødnebø 1974: sp. 320). Dette gjeld både i eldre nyare og nyare tid. Eg tenkjer på eldre typar som *Ormr konungsbróðir* og *Sigurðr jarlsson* og nyare typar som *Klokkar-Kari* og *Lærar-Brita* (Nedreliid 1998b). Derfor er det god grunn til å drøfta denne typen grundigare, og eg kjem attende til han nedanfor (sjå 3.1).

1.2 Finst det tilnamn?

Ein boktittel frå 1980-talet lyder «Det er ingen sak å få partiet lite» (Lorenz 1983). Det er heller ingi sak å få tilnamns kategorien liten. Med støtte i respekterte forskarar kan ein utdefinera det aller meste or den store og komplekse gruppa. Dei største og vanlegaste undertypane kan utdefinierast som ikkje-namn. Det gjeld attributive tillegg som preposisjonsledd, patronym (og andre slektskapsreferansar) og titlar. Att står dei «eigentlege» tilnamni, dei som kan brukast absolutt, som tvillaust er namn. Men når dei står sjølvstendige, er dei, som før sagt, ikkje tillegg til noko, og i slike tilfelle må dei reknast som førenamn (jf. note 4). Om det finst tilnamn eller ikkje, er soleis eit definisjonsspørsmål. Det heng saman med kor finmaska såld me brukar til å sikta materialet gjennom. Ved å skjerp kravi kan me gjera oss av med nesten alle tilnamni. Men eg tvilar på at me blir so mykje lukkelegare på den måten, og eg trur heller ikkje det gjer oss særleg klokare på materialet vårt. Det hjelper oss neppe til å «få namnen att tala!»,

som Stefan Brink uttrykker det: «Huvudsyftet er inte att studera namntypen eller beskriva det enskilda namnet, utan efter onomastisk analys kunna använda sig av namnen för att beskriva mänskligt handlande och tänkande. Vi måste få namnen att tala!» (Brink 1993: 24).

2. Funksjonsdefinisjon

Kristin Bakken seier at «navnekarakter ikke er en absolutt, men en gradert størrelse», og namn kan ha større og mindre namnekarakter (Bakken 2002: 23). Om ein startar med ein svært grovmaske funksjonsdefinisjon, og seier at eit namn er det som fungerer som eit namn i den gjevne konteksten, får ein sjølv sagt med seg ei heil røys med termar og titlar og attributt og ledd og stumpar som slett ikkje oppfyller strenge definisjonar av namn, kva det no er, eller tilnamn, om dei no finst. På den andre sida kan me på den måten få vita mykje om korleis folk har identifisert sine medmenneske i eit gjeve samfunn på eit gjeve tidspunkt. Her kan det visast til Volker Kohlheim, som skil mellom «etisk» og «emisk» undersøkingsmetode i onomastikken:¹²

Eine „etische“ Untersuchungsmethode verfährt nach Kriterien, die von außen an das zu untersuchende System herangetragen wurden, während die „emische“ Analyse nach systemimmanenten Kriterien vorgeht und versucht, das interne Funktionieren eines bestimmten onymischen System zu rekonstruieren (Kohlheim 2005: 208).

Eit godt døme på denne tilnæringsmåten er, etter mitt syn, Egil Pettersens bok om *Personnavn i Vest-Norge 1450-1550*. «For den nærmere identifikasjon trengs et tilnavn eller en eller annen form for annet tillegg,» seier han, og identifikasjon skjer «gjennom ulike apposisjoner, slik som farsnavn, slektsnavn, yrkestittel eller en annen tittel, geografisk opphav (inkolentnevning), eller ved ett eller annet karakteriserende tillegg, enten som et enkelt oppnavn eller i form av preposisjonsuttrykk eller relativsetning» (Pettersen 1981: 73). Og deretter tek han alt med, rubbel og bit, anten dei no er tilnamn eller tillegg. Han tek atterhald og minner oss stendig om dei uklåre grensone, men han presenterer materialet og kva som er typiske trekk ved det. Han skriv om yrkestittel som apposisjonelt tillegg at «oftest er nok tillegget påpekende og ikke noe reelt tilnavn», men det er altså slik at «yrkestittelen er som regel eneste tillegg til fornavnet», og «omkring 230 menn i bergensregistrene får yrkesnevning som tilnavn eller apposisjon på denne måten» (Pettersen 1981: 83 ff.). Med andre ord er desse 230 forekomstane kanskje ikkje tilnamn, strengt teke, men det er ingen tvil om at dei har fungert som det, nemleg som eit tillegg til namnet som fortel kven beraren er, og som slik gjer identifika-

sjonen av han sikker. Når *Hans glassmester*, *Hans kokkemester* og *Hans skomaker*, *Jens fedler*, *Jens kjellersvenn*, *Jens kalkslager*, *Jens kopperslager*, *Jens smeddreng* og *Jens vektor*, *Joakim baker*, *Joakim fogd* og *Joakim Kokk*, eller *Olav kalkbærer*, *Olav kjelebøter* og *Olav portner* (alle døme frå Pettersen 1981: 84 f.) ikkje står oppførde med «eigentleg» tilnamn eller patronymikon, so er det fordi dei har yrkesnemningi i staden for det.¹³ Om føremålet er sikker identifikasjon, skal me ikkje sjå bort ifrå at namnekomplekset *Olav portnar* kan ha fungert betre enn td. *Olav Jensson*.

3. Ærestitlar og yrkestitlar

Ekbo meiner also at «yrkesbeteckningen» *skald* ikkje er so karakteristisk at det kan oppfattast som eit namn. «Uttrycket 'Sigvat skald' är ju närmast jämförligt med sådana i sagorna vanliga uttryck som Ólafr konungr» (Ekbo 1948: 269). Det er sjølvsagt rett at termene *skald* og *konge* isolert sett ikkje kan reknast som namn, men eg meiner det blir ei anna sak når det står som identifiserande tillegg til eit personnamn, som del av eit namnekompleks. Då kan ein like godt seia at uttrykket *Sigvat skald* kan jamførast med *Hallfred Vandræda-skald*. Det siste reknar ogso Ekbo som tilnamn (Ekbo 1948: 269). Argumentasjonen hos Ekbo er tilbakevist av John Kousgård Sørensen: «Man kan sige, at *vandræðaskáld* ikke er en appellativ tilføjelse, men man kan ikke sige, at *skáld*, fordi det er en betegnelse på et erhverv, må være en appellativ tilføjelse» (Kousgård Sørensen 1975: 112 f.). Lind skriv at «Skáld. Är ju i allmänhet en yrkesbetckn., men synes dock i några fall snarare vara att fatta som binamn» (Lind 1920/21: sp. 311). Han tek med alle samansetjingar (som *vandræðaskáld* og *skáldmær*), og alle førestilte kjenneledd (som *Skáld-Bersi*), men han tek ikkje med Sigvat skald.

I *Heimskringla* myldrar det av personar som er omtalte med namn og tittel. Det gjeld sjølvsagt aristokratiet, både det verdslege med kongar, dronningar og jarlar, og det kyrkjelege hierarkiet, med erkebiskopar, biskopar og prestar. Men det gjeld ogso andre «yrkesgrupper», som bonde, gjaldker, gode, lækjar, skald (og skaldmøy), skinnar, stallar og årmann, og dei færreste av berarane er oppførde med andre identifiserande underledd enn yrkestittelen. Det trengs heller ikkje, for truleg har det faktum at Sigvat var skald, vore eit meir karakteristisk kjenneteikn ved han enn det faktum at han var *Þórðarson*. Når både yrkesterm/tittel og farsnamn (eller morsnamn) er nemnde, står oftast tittelen eller yrkestermen før farsnamnet (el. morsnamnet):¹⁴ «Eptir fall Haraldz konungs Sigurðarsonar talði Sveinn Dana-konungr, at slitit væri friði» (HK: 512 f.), «Hann átti Ingibjörgu, dóttir Andréás prests Brúnssonar» (HK: 561), «en annarr var Gyrðr lögmaðr Gunnhildarson» (HK: 598). Døme som desse talar for at yrkestittelen bør reknast som ein del av namnekomplekset i slike tilfelle.

Eit liknande forhold må det vera når tittel står før eit anna tilnamn (eller tillegg): «Þá kom til hans Atli jarl inn mjóvi af Gaulum» (HK: 37), men i dette dømet kan sjølv sagt preposisjonsleddet vera eit vanleg stadadverbial, ikkje eit underledd til personnamnet. Derimot står also tittelen vanlegvis før kjenne- namnet (det personlege tilnamnet), som i *Ragnhildr drótning ríka* (HK: 56). Eit par sjeldsynte moteksempel, der tittelen kjem sist, er *Viljálmr bastarðr Rúðu- jarl* (HK: 509),¹⁵ der tilnamnet kjem før jarletittelen, og *Hákon Grjótgarðzson Hlaða-jarl* (HK: 65), der patronymet kjem før. I det fyrste moteksemplet gjeld det eit kjenne- namn, som alle vil tilskriva meir «namnemessigheit» (proprialitet) eller *namnekarakter* (sjå Bakken 2002), enn patronymi (sjå ovafor), og langt meir enn titlane, som det har vore vanleg å utdefinera. I det andre moteksemplet er den same beraren to gonger nemnd som *Hákon jarl Grjótgarðzson* (HK: 45 f.), also med den vanlege rekkjefylgja, der tittelen kjem før farsnamnet. I *Heimskringla* kan ogso yrkestittel koma før eit kjenne- namn, som i *Hróaldr prestur langtala* (HK: 616).

3.1 Tittelpatronym og andre slektskapsnemne

I sagalitteraturen er det mange døme på at titlar går inn i patronym og andre slektskaps-refererande tilnamn i staden for personnamnet til vedkomande slekting. I min studie av kvinnetilnamn i *Heimskringla* fann eg 17 vanlege førenamns- patronym og fire berarar med tilnamnet *konungsdóttir* (Nedrelið 2002: 254). Eg har forsøksvis kalla denne typen for tittelpatronym (ibid.). Dertil kjem to kongemødrer, Gunnhild (HK: 93, 95, 107) og Alvild (HK: 427). Typen finst ogso på mannssida. Me finn *Árni konungsmágr*, «Ingiriðr drótning var gipt Árna á Stoðreimi; hann var síðan kallaðr konungsmágr» (HK: 582), og det namnekomplekset blir síðan brukt om han når han er nemnd (HK: 591, 614, 615, 622). Der er to med tilnamnet kongsbror, *Kári konungsbróðir* (HK: 566), som var sammødre bror til Olav Magnússon (son til Magnus berrføtt, HK: 527), og som berre er nemnd ein gong, og den meir kjende Orm kongsbror: «Ingiriðr drótning gat son við Ívari sneis; sá hét Ormr, er síðan var kallaðr konungsbróðir» (HK: 582), sammødre bror til Inge Krokrygg. Orm vart, som skriva stár, «mikill høfðingi» (HK: 582), so han blir ofte nemnd etter det, og alltid som kongsbror, aldri med farsnamnet (HK: 610, 618, 635, 639, 640).¹⁶ I HK er det *konge* og *jarl* som blir brukte som føreledd i slike slektskapsnemningar, men frå andre kjeldor veit me at ogso *biskop* var vanleg: «Þat vilda ek, at Jóra byskupsdóttir andaðist, en Þorvaldr Gizurarson færi hingat ok bæði mín» (Jónsson 1954: 98). *Arni Byskupsfrændi* er ein baglarhovding i Sverre-soga (Indrebø 1920: 187, 191). Lind har ogso mange døme med *prest* som føreledd i tittelpatronym (*prestdóttir*, *prestz son*) og i andre slektskaps- termar (*prestbróðir*, *prestkona*, *prestz mágr*, *prestz systir*), og han har med desse som tilnamn (Lind 1920/21: sp. 280 ff.). Han har ikkje med vanlege førenamns- pa-

tronym mellom tilnamni, men det trengst heller ikkje, sidan førenamni alt er utgreidde i Lind 1905–15.

Det er ogso vanleg å relatera til fosterfamilie i tilnamn som *fóstri* (som er brukt om både fosterson og fosterfar). Det mest kjende dømet er tvillaust Hákon den gode, «Hann var síðan kallaðr Aðalsteinsfóstri» (HK: 67). Tilnamnet blir brukt seinare i saga, «Hákon Aðalsteinsfóstri var þá á Englandi, er hann spurði andlát Haraldz konungs» (HK: 70), men i omtalen av den levande kongen er *Hákon konungr* (HK: 71–93) den vanlegare termen, eller begge delar, «Hákon konungr Aðalsteinsfóstri lagði undir sik allan Nóreg» (HK: 73). «Þá er Hákon konungr Aðalsteinsfóstri hafði verit konungr í Nóregi xxvi. vetr» (HK: 86, sjå ogso 541). Etter hans død er det opphavlege tilnamnet oftast brukt: «Þá var líðit frá falli Hákonar Aðalsteinsfóstra xv. vetr» (HK: 114, 202, 215, 230, 277, 320). *Hákon inn góði*, det tilnamnet han står i kongerekkja med, ser ut til å vera brukt etter hans død: «hvat mun konungr þessi fyrir ætla, er hann brýtr lög á oss, þau er setti Hákon konungr inn góði?» (HK: 430). I tillegg til kong Hákon finn me Hákon Toresfostre, Sigurd Markusfostre, Skule kongsfostre og to Torkjell fostre.¹⁷ Hákon Toresfostre var soneson til Harald Hardråde og oppfóstra hjå Steigar-Tore, «þá tóku þeir til konungs Hákon Þóris-fóstra, bræðrungr Magnús» (HK: 518). Hákon Adalsteinsfostre og Hákon Toresfostre er fostersøner, dei andre er fosterfedrar.

Skule «er síðan var kallaðr konungsfóstri» (HK: 510), kom heim saman med Olav (Haraldsson, seinare kjend som Olav Kyrre) etter slaget ved Stanford bru. Han vart ein stor mann i landet og stamfar til seinare kongar (Inge og Skule Bårdssøner). Skule er beskriven som ein gjæv, ættstor og klok (*forvittr*) mann, som vart hersjef og ordstyrar på tinget og var med i alt landråd saman med den unge, farlause kongen. So er der to menn som er nemnde *Þorkell fóstri*, *Þorkell fóstri Ámundason* (HK: 276) og *Þorkell fóstri Sumarliðason* (HK: 567). Den fyrste er den mest kjende, han fostra Torfinn jarl på Katanes då han var barn, «ok var hann síðan kallaðr Þorkell fóstri, ok var hann ágætr maðr» (HK: 268). Han er sidan for det meste omtalt som *Þorkell fóstri* (HK: 268–70, 273, 276, 278) og berre ein gong som *Þorkell Ámundason* (HK: 274). Den andre er berre so vidt nemnd i saga om Magnus Blinde, nemleg i samband med at Sigurd Slembe var på Orknøyane «at falli Þorkels fóstra Sumarliðasonar» (HK: 567).

Om ein skulle brukt Ekbos kriterium (jamført med dømeordet *skáld*, 1948: 269), skulle *Aðalsteinsfóstri* vorte å rekna som tilnamn, men ikkje *fóstri*. Ut frå bruken i teksten er det liten grunn til å tvila på at dei har hatt same funksjon, og det verkar lite teneleg å skilja på formalistiske kriterium. I tråd med Kousgård Sørensens argumentasjon kan ein seia at *Aðalsteinsfóstri* ikkje er eit appellativt tillegg, men ein kan ikkje seia at *fóstri*, fordi om det er ein term som opplyser om

familierelasjon, nødvendigvis av den grunn må vera eit appellativt tillegg (jf. Kousgård Sørensen 1975: 112f., sjå sitat over). Lind har tydelegvis tenkt på same måten, for han har teke med *fóstri* i sitt oversiktsverk: «Ordet tycks i dessa fall fungera som bin[amn]» (Lind 1920/21: sp. 89).

4. Materialet i HK

4.1 Utval

Då eg byrja å interessera meg for forholdet mellom titlar og tilnamn i *Heimskringla*, gjekk eg fyrst til personregisteret, og merkte av alle som stod oppførde der med førenamn og tittel (som *Bera drótning*, *Eiríkr jarl*, *Gilli lofsogumaðr* og *Ríkarðr prestri*), eller noko som med god vilje kunne tolkast som ein tittel (som *Án skyti* og *Huld seiðkona*). Ved kontroll mot tekst syntte det seg snart to feilkjeldor:

For det fyrste er det mange som står med namn og tittel i registeret, men som ikkje er omtalte slik i teksten. I registeret finn me til dømes ein *Ríkarðr prestri*, men når me går til teksten på dei oppgjevne sidone, står der om «prest einn enskan, er Ríkarðr hét» (HK: 587). Heller ikkje på dei fylgjande sidone, der lidings saga hans blir fortald, finn me nemningi frå registeret. Han blir omtalt med pronomen (*hann*), med appellativ (*prestri*) og ein stad med namnet, *Ríkarðr* (HK: 589). Eg har funne fleire liknande døme i registeret (som td. *Grani skáld* og *Bursti þræll*), og eg har sett bort frå dei alle i framstillingi her. Slik ryk diverre ein velkjend namneberar ut or materialet, nemleg trælen Kark. I registeret står det *Karkr þræll*, men i teksten står det «fór jarl þá ok þræll hans með honum er Karkr er nefndr» (HK: 140). Seinare blir han omtalt som *Karkr* og ein gong som *Dormóðr Karkr* (ibid.), noko som viser at *Kark* i byrjingi har vore eit tilnamn. Kravet om at namnekomplekset førenamn + tittel skal finnast i teksten, fører ogso til me går glipp av den einaste arbeidskona i registeret, *Þóra verkakona* (HK: 660), mor til Hákon Herdebreid. «En hon hét Þóra og var verkakona,» står det i teksten (HK: 583). Belegg i kapitteloverskrifter er tekne med, for kapitteloverskriftene står i handskriftene (Finnur Jónsson 1893-1900: VI f. og XI).

På den andre sida er det svært mange døme på at berarar som står oppførde med førenamn og patronym i registeret, er omtalte med namn og tittel i teksten, og kanskje berre med det. Slike tilfelle blir dermed uoppdaga når ein fylgjer registeret, om ein ikkje tilfeldigvis dett over dei, eller eventuelt veit kvar ein skal leita etter dei. Eitt (av fleire) døme på det siste er *Hákon Grjótgarðzson*, som står i registeret som det, med førenamn og patronym, utan tittel. I teksten møter me han fyrst på side 45 og fylgjande side som *Hákon jarl Grjótgarðzson*, vidare på side 48 som *Hákon Hlaðajarl*, og sameleis er han omtalt på side 66. På side 49 står det berre *Hákon jarl*, og på side 65 er det *Hákon Grjótgarðzson Hlaða-jarl*. Men ingen stad i teksten er han omtalt slik

han står oppført i registeret, med berre førenamn og patronym. Jarlettittelen er *alltid* med som ein del av namnekomplekset hans. Eit anna døme er den kjende Bjørn stallar, som i registeret er kamouflert under tilnamnet *Bjorn digri*. Det forekjem ein gong, fyrste gongen me møter han i saga (HK: 214), men elles er han alltid nemnd som *Bjorn stallari* (219 f., 223 ff., 240, 253, 370, 374 f., 402 f.), eventuelt berre som *Bjorn*.

Einaste måten å få fram alle forekomstar av namn med etterfylgjande tittel, skulle vera å finlesa teksten og merkja kvart einaste døme, og det er ikkje gjort her. Eg har rakt med silosvans, ikkje med rive. Dermed blir resultatet underrapportering. Der er mange fleire tilfelle i teksten enn dei eg har kome fram til ved hjelp av registeret, ved målretta leiting i nokre mistenkjelege tilfelle og ved rein slump i andre tilfelle. Eit prov på det er at dei fleste av kongane står i registeret med berre førenamn og patronym, eller med førenamn og kjennenamn (personleg tilnamn), men utan tittel. Men dei aller fleste av dei er omtalte i teksten som *Haraldr konungr*, *Ólafur konungr*, *Sigurður konungr* osv. Eg har ikkje leita gjennom teksten etter døme på det, fordi det er so umåteleg vanleg.

Dei som står i registeret med kongstittel, er stort sett berre dei som ikkje har noko anna tilnamn enn konge. Det gjeld særleg dei «forhistoriske» kongane i *Ynglingasaga* og småkongane før rikssamlingi. Me kan ta eit døme frå *Ynglingasaga*: På side 27 møter me på rekkje og rad *Ingjaldr konungr*, *Qnundr konungr*, *Algautr konungr*, *Yngvarr konungr af Fjaðryndalandi*, *Sporsnjallr konungr af Næríki*, *Sigverkr konungr af Áttundalandi*, *Granmarr konungr af Suðrmannalandi* og *Hjorvarður konungr*.¹⁸ Men me finn ogso ikkje-nordiske kongar som *Játmundr* (HK: 72), *Konofogor* (HK: 250) og *Stefnir* (HK: 585). I registeret finn me ogso nokre som står oppførde med eit «utbyggt» kongenamn, som *Sikileyar-kongungr*, *Skota-konungr*, *Veiðikonungr* o.l.

Problemet med «underrapportering» gjeld ogso for dronningane. I registeret finn me *Ragnhildr Eiríksdóttir in ríka* (HK: 655), i teksten finn me *Ragnhildr drótning ríka* (HK: 56).

Det er mange fleire dronningar som står i teksten med namn og tittel enn dei me finn i registeret, der det berre står to, den forhistoriske dronning Bera i *Ynglingasaga* (HK: 16) og dronning Emma, enkja etter kong Adalráð (HK: 191). Til dømes hadde Olav Tryggvason tre dronningar, og to av dei, Geira og Tyra, er nemnde i teksten med namn og tittel (HK: 120, 168).¹⁹

4.2 Resultat

Eg har funne 30 ulike appellativ som er (eller kan vera) titlar eller yrkesnemningar. Dei vanlegaste titlane er, ikkje uventa, *konungr* og *jarl* med høvesvis 48 og 45 ulike berarar. På tredjeplassen tronar *skáld* med 11 berarar. Elles er det átte med tittelen *prestr*, sju er omtalte som *keisari* og seks som *byskup*. Det er

seks dronningar, men der kunne det ogso vore mange fleire, om eg ikkje hadde rakt med silosvans. Titlane *bóndi*, *hersi* og *stallari* har fire berarar kvar, medan *erkibyskup*, *gjaldkeri*, *goði* og *hertogi* har kvar tre. Der er to lagmenn og ein lovseiemann. Same beraren kan godt vera omtalt på fleire måtar: med tittel, med patronym, med tittel og patronym, eller med kjennenamn (sjå ovafor om Håkon Adalsteinsfostre og Håkon Grjotgardsson).

Her kan omtalen av den mektige Håkon jarl (Sigurdsson) på Lade brukast som ei dømesoge: Langt den vanlegaste måten å omtala han på, er med førenamn og tittel: *Håkon jarl* (HK: 97–99, 101–103, 106, 111–118, 120–123, 127–133, 135, 137–139, 141–143, 148, 162, 164, 166, 181, 193, 202, 266). Deretter kjem berre førenamnet, *Håkon*, eventuelt med forklarande tillegg, t.d. *sonr Sigurðr Hlaðajarls* (HK: 1, 97, 109–112, 115, 133). Me finn kombinasjonane førenamn, tittel og kjennenamn, *Håkon jarl inn riki* (HK: 1 f., 9, 307, 471 f., 582), førenamn, tittel og patronym, *Håkon jarl Sigurðarson* (HK: 97, 109), førenamn og kjennenamn, *Håkon inn riki* (HK: 76), og jamvel kombinasjonen tittel og utnemne, *jarl inn illi* (HK: 142). Dei moglege kombinasjonane førenamn og patronym (*Håkon Sigurðarson*), førenamn og samansett tittel (*Håkon Hlaðajarl*) og berre samansett tittel (*Hlaðajarl/-inn*) er ikkje belagde i teksten. Elles er tittelen (*jarl/-inn*) ofte brukt åleine, når det går fram av samanhengen kven det er (HK: 99, 111–112, 116–118, 120, 122 f., 131 f., 137–142).

På same måten står kong Svein, kjend som Svein Estridsson, i registeret som *Sveinn Ulfsson*. Slik er han ogso omtalt mange stader (HK: 434 ff., 439, 445, 457, 463 f., 466, 543, 546, 629). Men me finn han ogso som *Sveinn jarl* (HK: 435 f.), som *Sveinn konungr* (HK: 466–470, 477 f., 480, 483, 485–492, 498, 513, 515, 634), som *Sveinn konungr Ulfsson* (HK: 466, 515), som *Sveinn Dana-konung* (HK: 469, 513) og som *Sveinn Ulfsson Dana-konung* (HK: 472). Dessutan er han sjølv sagt omtalt mange stader med berre førenamnet, som jarlen og som kongen. Her skal presiserast at eg *ikkje* meiner at titlane *jarl* og *konge* når dei står åleine, skal reknast som namn. Det er utvitydige appellativ. Det eg meiner, er at når ein tittel har fast fylgje med eit førenamn, so har det fungert som eit ledd i namnekomplekset, som ein del av eit *Gesamtnamen* (Kob 1990: 54 ff.). Då er det tittelen som utgjer kjenneleddet (identitetsmarkøren).

4.2.1 Materialet jamført med Lind 1920/21

E.H. Lind har med somme av titlane i sitt oversiktsverk, og det går fram av samanhengen at han prøver å skilja mellom det som har vore eit «egäntligt binamn» (kjennenamn) og det som har vore ein reell yrkestittel. Soleis skriv han dette om *bóndi*: «En mängd andra personer uppträdde med samma namntillägg, men det anger i allmänhet samhällsställning ock är icke att fatta som egäntligt binamn» (Lind 1920/21: sp. 36). Han nemner ikkje berarane i HK (sjå nedafor),

so dei har han nok rekna som bønder, og dermed ikkje «egäntlig binamn». Typisk er det at han har med *dróttning*, men alle berarane er menn (Lind 1920/21: sp. 65). Den eine som står som *biskup* er vel heller ikkje biskop. Derimot har Lind mange biskopssønner og andre bispeslektningar, og desse tilnamni heng saman med reelle biskopar (Lind 1920/21: sp. 26). På same måten har han *iarl* som tilnamn, men «Iarl synes i dessa fall vara binamn, icke värdighetsnamn». Men dei fylgjande jarleslektningane er i slekt med jarlar (Lind 1920/21: sp. 174 f.). Same forholdet gjeld *konungr*, tilnamnet blir bore av ikkje-kongar, men i tittelpatronym og andre slektskapsnemne finn me verkelege kongar (sp. 212 ff.). Likeins for *prestr*. Lind har det berre med som tilnamn på ikkje-prestar (og på den prestlærde kong Sverre), men i tittelpatronym og liknande nemne treffer me reelle presteslektningar (sp. 280 f.). Titlane *ármaðr* og *hertogi* er ikkje med hos Lind, men det er dei tilhøyrande tittelpatronymi (sp. 5, 144).

Lind har med åtte titlar der ogso berarane på mi liste er nemnde (stundom mellom fleire andre berarar), nemleg *Hildibrandr berserkr*, *Björn farmaðr*, *Þorsteinn knarrarsmiðr*, *Knútr lávarðr*, *Þorgeirr læknir Steinsson*, *Jórunn skáldmær*, *Viljálmr skinnari* og *Án skyti*. Han kommenterer somme av desse, soleis *berserkr*: «År väl delvis att betrakta som en mera tillfällig benämning, icke som egäntligt binamn» (Lind 1920/21: sp. 21). Torstein Knarresmed «var stor skeppsbyggare. Icke egäntligt binamn således» (Lind 1920/21: sp. 207). Likeins er *læknir* «Egäntligt yrkesbeteckn., fast yrket på den tiden bedrevs blott som bisyssla» (Lind 1920/21: sp. 250). Vilhjalmm Skinnare var lendmann, «men har väl tidigare varit skinnare till yrket» (Lind 1920/21: sp. 325). Om ein annan berar med tilnamnet *farmaðr* (Þorir farmaðr Skeggias.) skriv Lind at kjelda (*Landnáma*) har *farmaðr mikill*, «ock fattas således icke som binamn» (Lind 1920/21: sp. 77), tydeleg fordi mannen vitterleg var kjøpmann. Lind problematiserer ikkje Bjørn Farmann i so måte, endå det tydeleg er utanrikshandel som ligg til grunn for tilnamnet hans. «Björn konungr átti ok kaupskip í ferðum til annarra landa ok aflaði sér svá dýrgripa eða annarra fanga, þeira er hann þóttisk hafa þurfa. Bræðr hans kólluðu hann farmann eða kaupmann» (HK: 64). Lind kommenterer ikkje tilnamni til Knut Lavard, Jórunn Skáldmøy og Án skyttar (Lind 1920/21: sp. 240, 312, 336).²⁰

Lind har ikkje teke med *erkibyskup*, *gjaldkeri*, *goði*, *hersi*, *løgmaðr*, *løgsgumaðr*, *seiðkona*, *stallari* og *vølvva*, som alle står i i HK med innanlandske berarar (sjå under). Derimot har han med det samansette tilnamnet *Freysgoði* (sp. 90), på same måten som han har skilt mellom det usamansett *skáld* og *–skáld*- som føre- og etterledd i samansetningar (sjå over). Han har heller ikkje dei utanlandske titlane *kardináli*, *keisari* og *légátus*, som alle finst i HK som titlar på omtalte utlendingar. Lind har med *pávi* (med ulike skrivemátar) brukt som kjennenamn (sp. 247), men ikkje *Adrianus pávi* (HK: 587), fordi han verkeleg var pave.

5. Forsøksvis konklusjon

Grensa mellom namn og nemne er, som mange har drøfta før, flytande og nesten uråd å dra. Og «Je höher wir ins Altertum der Sprache hinaufsteigen, um so durchsichtiger wird die Scheidewand zwischen Nomina propria und appellativa» (Bach 1978: 3). Å innretta seg slik at ein utdefinerer mestedelen av den faktiske namnebruken, gjev kanskje straumlinjeforma og teoretisk tilfredsstillande løysingar, men det fortel lite om kompleksiteten i den namnebruken me møter i kjeldone. På eit NORNA-arrangement på 90-talet (mest truleg kongressen på Sundvollen i 1994?) var det ein skarp diskusjon om grensa mellom appellativ og stadnamn (*nes/Nes, vik/Vik*). Monoreferensialitet vart framheva som kriterium for å skilja, og under debatten vart det stilt eit retorisk spørsmål om *fryseboksen* dermed skulle reknast som stadnamn i ei utsegn som «jakka ligg på fryseboksen». Eg innser at eg er åt og set meg på den monoreferensielle fryseboksen, men etter mi meining er det naudsynt ogso å ta med titlane, både yrkestiltar som *knarresmed* og heidersnamn som *konge* (med eller utan ekstra tillegg) for å kunne gje eit heilt og påliteleg bilete av den mellomalderlege namneskikken. På bakgrunn av nemningsbruken i materialet meiner eg at når det står *Ari prestr inn fróði Þorgilsson*, so må yrkestermen *prestr* reknast med som ein del av namnekomplekset, på same måten som kjenneleddet, *inn fróði*. I forlengingi av dette meiner eg både jarlsnamn og kongsnamn må reknast som tilnamn når dei står som tillegg til eit førenamn.

Litteratur

- Andersson, T. 1983: Personnamn. Till begreppets avgränsning. I: *NORNA-rapporter* 23. Uppsala. 9–23.
- Bach, A. 1978: *Deutsche Namenkunde*. I. *Die Deutschen Personennamen*. 1. *Einleitung. Zur Laut- und Formenlehre, Wortfügung, -bildung und -bedeutung der deutschen Personennamen*. Heidelberg.
- Bakken, K. 1995: Patronymer, leksikalisering og proprialisering. En diskusjon belyst av et materiale av 1300-tallspatronymer. I: *NORNA-rapporter* 58. Uppsala. 37–53.
34 Nerum gnr. 23, 24 Rygge	<i>Njorðr</i> m. 'Njord' (gudenavn)	<i>heim</i> m. 'heim'	<i>Njorðr</i> m. 'Njord' (gudenavn)	<i>heim</i> m. 'heim'	<i>Njorðr</i> m. 'Njord'	<i>heim</i> m. 'heim'
35 Óðinnssalr (bygd) Onsoy	<i>Óðinn</i> m. 'Ódin' (gudenavn)	<i>salr</i> m. 'sal, hall'	<i>Óðinn</i> m. 'Ódin'	<i>salr</i> m. 'sal, hall'	<i>Óðinn</i> m. 'Ódin'	<i>salr</i> m. 'sal, hall'
36 Onsoy (bygd) Onsoy	<i>Óðinn</i> m. 'Ódin'	<i>ey</i> f. 'øy'	<i>Óðinn</i> m. 'Ódin'	<i>ey</i> f. 'øy'	<i>Óðinn</i> m. 'Ódin'	<i>ey</i> f. 'øy'
37 Onsåker gnr. 106 Våler	<i>Óðinn</i> m. 'Ódin' el. <i>Audunn</i> 'Audun' (mannsnavn)	<i>aker</i> m. 'åker'	<i>Óðinn</i> m. 'Ódin'	<i>aker</i> m. 'åker'	<i>Óðinn</i> m. 'Ódin'	<i>aker</i> m. 'åker'
38 Ryggfot gnr. 48 Rygge	<i>hrygg</i> m. 'jordrygg'	<i>hof</i> n. 'tempel' el. <i>hvefja</i> 'kvefve'	?	<i>hof</i> n. 'tempel'	<i>hrygg</i> m. 'langstrakt forhøyning' (?)	<i>hof</i> n. 'tempel'
39 Tøssalir (bygd) Råde	?	<i>salr</i> m. 'oppholdsted, gård'	<i>Tyr</i> m. 'Ty' (gudenavn)	<i>salr</i> m. 'sal, hall'	<i>Tyr</i> m. 'Ty'	<i>salr</i> m. 'sal, hall'
40 Torsnes (bygd) Borge	<i>Þórr</i> m. 'Tor' (gudenavn)	<i>nes</i> n. 'nes'	<i>Þórr</i> m. 'Tor'	<i>nes</i> n. 'nes'	<i>Þórr</i> m. 'Tor'	<i>nes</i> n. 'nes'

Stedsnavn	Oluf Rygh		Magnus Olsén		Kåre Hoel	
	Forleidd	Etterleidd	Forleidd	Etterleidd	Forleidd	Etterleidd
41 Torsnes gnr. 3 Våler	<i>Bórr</i> m. 'Tor' (gude-navn) el. <i>Bórrir</i> 'Tore' (mannsnavn)	<i>nes</i> n. 'nes'	<i>Bórr</i> m. 'Tor' el. <i>Bórrir</i> 'Tore'	<i>nes</i> n. 'nes'	<i>Bórr</i> m. 'Tor' el. <i>Bórrir</i> 'Tore'	<i>nes</i> n. 'nes'
42 Tose gnr. 87 Borge	<i>Bórr</i> m. 'Tor'	<i>hof</i> n. 'hov'	<i>Bórr</i> m. 'Tor'	<i>hof</i> n. 'hov'	<i>Bórr</i> m. 'Tor'	<i>hof</i> n. 'hov'
43 Tosebygda Trøgstad	<i>Bórr</i> m. 'Tor'	<i>hof</i> n. 'hov'	<i>Bórr</i> m. 'Tor'	<i>hof</i> n. 'hov'	<i>Bórr</i> m. 'Tor'	<i>hof</i> n. 'hov'
44 Ullerøy (sokn) Skjeberg	<i>Ullr</i> m. 'Ull' (gude-navn)	<i>ey</i> f. 'øy'	<i>Ullr</i> m. 'Ull'	<i>ey</i> f. 'øy'	<i>Ullr</i> m. 'Ull'	<i>ey</i> f. 'øy'
45 Ultvet gnr. 4-6 Eidsberg	<i>Ullr</i> m. 'Ull'	<i>þveit</i> f. 'þveit'	<i>Ullr</i> m. 'Ull'	<i>þveit</i> f. 'þveit'	<i>Ullr</i> m. 'Ull'	<i>þveit</i> f. 'þveit'
46 Valaskjøl gnr. 63 Tune	<i>váll</i> m. 'bråte', <i>vátr</i> m. pl. 'rydningene'	<i>skjól</i> n. 'skjul, ly'	<i>Váll</i> m. 'Vale' (gude-navn)	Her henvisning til gudebolig	<i>váll</i> m. 'bråte'	<i>skjól</i> n. 'skjul', <i>skjölf</i> f. 'hoyde, plåtå'
47 Vang gnr. 63 Skiptvet		<i>vangr</i> m. 'slette'		<i>vangr</i> m. 'helligdomsvang'		<i>vangr</i> m. 'slette'
48 Vang gnr. 81 Rygge		<i>vangr</i> m. 'slette'		<i>vangr</i> m. 'helligdomsvang'		<i>vangr</i> m. 'slette'
49 Vangsbrekke (Brekka) gnr. 107 Råde		<i>vangr</i> m. 'slette'		<i>vangr</i> m. 'helligdomsvang'		<i>vangr</i> m. 'slette'
50 Vedal gnr. 44 Rakkestad	<i>vé</i> n. 'helligdom' m. 'skog'	<i>dálr</i> m. 'dal'	<i>vé</i> n. 'helligdom'	<i>dálr</i> m. 'dal'	<i>vé</i> n. 'helligdom'	<i>dálr</i> m. 'dal'
51 Vedalr (bygd) Skjeberg	<i>vé</i> n. 'helligdom'	<i>dálr</i> m. 'dal'	<i>vé</i> n. 'helligdom'	<i>dálr</i> m. 'dal'	<i>vé</i> n. 'helligdom'	<i>dálr</i> m. 'dal'
52 Vêtund gnr. 165 Rakkestad	<i>viðr</i> m. 'skog'	<i>lund</i> m. 'lund'			<i>vé</i> n. 'helligdom' m. 'veg', <i>vegr</i> m. 'ære' eller <i>víg</i> n. 'strid'	<i>lund</i> m. 'helliglund'
53 Vesten gnr. 24-27 Borge	<i>vé</i> n. 'helligdom'	<i>stein</i> m. 'stein'	<i>vé</i> n. 'helligdom'	<i>stein</i> m. 'stein'	<i>vé</i> n. 'helligdom'	<i>stein</i> m. 'stein'
54 Ælin gnr. 97-98 Tune	<i>ál</i> f. 'rem', <i>áll</i> m. 'stripe'	<i>vin</i> f. 'eng'	<i>*ahls</i> 'tempel'	<i>vin</i> f. 'eng'	<i>*ahls</i> 'tempel' <i>ál</i> f. 'rem', <i>áll</i> m. 'stripe'	<i>vin</i> f. 'eng'

Litteratur

- Andersson, Thorsten 1992: «Kultplatsbeteckningar i nordiska ortnamn» I: *Sakrale navne*. NORNA-rapporter 48. Redigert av Gillian Fellows-Jensen og Bente Holmberg. Uppsala. 77–105.
- Bokmålsordboka. Definisjons-og rettskrivingsordbok*. Redigert av Marit Ingebjørg Landrø og Boye Wangenstein. Oslo 1986.
- BØ = Kåre Hoel. *Bustadnavn i Østfold*. Utgitt ved Avdeling for navnegransking. Bind 1 *Hobøl* ved Tom Schmidt, 1994. Bind 2 *Skiptvet* ved Margit Harsson, 1997. Bind 3 *Våler* ved Tom Schmidt, 1999. Bind 4 *Spydeberg* ved Margit Harsson, 1997. Bind 5 *Rygge og Moss* ved Tom Schmidt, 2004. Bind 6 *Askim* ved Margit Harsson, 2005. Bind 7 *Tune* ved Tom Schmidt, 2007.
- BØ manus = Kåre Hoels manus til *Bustadnavn i Østfold*, i Avdeling for navnegransking, Universitetet i Oslo.
- Elmevik, Lennart 1997: «Svenska ortnamn med förleden Frö-». I: *Ortnamn i språk och samhälle. Hyllningsskrift til Lars Hellberg*. (Acta Universitatis Uppsaliensis. Nomina Germanica 22.) Uppsala. 107–115.
- Hellberg, Lars 1986: «Hedendomens spår i uppländska ortnamn». I: *Ortnamnsällskapet i Uppsala årskrift*. Uppsala. 40–71.
- Helleland, Botolv 1992: «Sakrale namn. Nokre forskingsoppgåver frå norsk synsstad». I: *Sakrale navne*. NORNA-rapporter 48. Redigert av Gillian Fellows-Jensen og Bente Holmberg. Uppsala. 255–263.
- Hoel, Kåre 1985: *Studier over bustadnavn i Østfold*. Skrifter frå Institut for navnegransking. Universitetet i Oslo. 4. Oslo.
- Lundgren, Magnus Fredrik 1878: *Språkliga intyg om hednisk gudatro i Sverige*. Göteborg.
- Mc Nicol, John 1997: *Plasseringen av de første kirkene i Norge i forhold til de hedenske kultstedene. En historiografisk studie omfattende tiden etter 1830*. Hovedoppgave ved Universitetet i Oslo. (KULTs skriftserie 98). Oslo.
- Munch, Peter Andreas 1840: *Nordens gamle Gude-og Helte-Sagn i kortfattet Fremstilling*. Christiania.
- Munch, Peter Andreas 1847: *Nordmændenes Gudelære i Hedenold tilligemed de vigtigste Helte-sagn*. Christiania.
- Munch, Peter Andreas 1854: *Nordmændenes ældste Gude- og Helte-Sagn*. Christiania.
- Munch, Peter Andreas 1880: *Norrøne Gude-og Heltesagn*. Revidert ved Albert Kjær. Christiania.
- Munch, Peter Andreas 1922: *Norrøne gude-og heltesagn*. 3. utg. Etter Albert Kjærs bearbeidelse ved Magnus Olsen. Kristiania.
- Munch, Peter Andreas 1967: *Norrøne gude-og heltesagn*. 4. utg. Revidert ved Anne Holtmark. Oslo.
- Munch, Peter Andreas 1996: *Norrøne gude-og heltesagn*. Revidert ved Jørgen Håvardsholm. Oslo.
- Olsen, Magnus 1915: *Hedenske kultminder i norske stedsnavne*. 1. Videnskapsselskapets skrifter II. Hist.-filos. klasse 1914. No 4. Kristiania.
- NG = Oluf Rygh. *Norske Gaardnavne*. Opplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision. 1–18. Kristiania/Oslo. 1897–1924. *Fællesregister* ved Albert Kjær. 1936.
- Olsen, Magnus 1922: «Minner om guderne og deres dyrkelse i norske stedsnavn». Tillegg i: P.A. Munch: *Norrøne gude- og heltesagn*. 3. utgave. Ved Magnus Olsen. Kristiania. 210–244.
- Olsen, Magnus 1926: *Ættegård og helligdom. Norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Ser. A. 9a. Oslo.
- Olsen, Magnus 1929: *Stedsnavn og gudeminner i Land*. Avhandlinger utgitt av det norske Videnskaps-akademi i Oslo. 2. Hist.-filos. klasse. 1929:3. Oslo.

- Olsen, Magnus 1942: «Norge». I: *Nordisk kultur XXVI. Religionshistorie*. Stockholm–Oslo–København. 59–73.
- Pedersen, Ellen-Anne, Frans-Arne Stylegar og Per G. Norseng 2003: *Østfolds historie. 1. Øst for Folden*. Sarpsborg.
- Rygh, Oluf 1880: «Minder om Guderne og deres Dyrkelse i norske Stedsnavne». I: P.A. Munch: *Norrøne gude- og heltesagn ordnede og fremstillede*. 2. udg. Ved Albert Kjær. Christiania. 193–221. (Også utgitt som særtrykk.)
- Rygh, Oluf 1897–1936, se NG.
- Rydving, Håkan 1990: «Ortnamn som religionshistoriskt källmaterial» I: *Namn och bygd*. 167–177.
- Sahlgren, Jöran 1918: «Förbjudna namn». I: *Namn och bygd* 1918. 1–12.
- Sahlgren, Jöran 1923: «Oäkta vi-namn». (Nordiska ortnamn i språklig och saklig belysning 6.) I: *Namn och bygd*. 110–134.
- Sahlgren, Jöran 1950: «Hednisk gudalära och nordiska ortnamn». Kritiska inlägg. I: *Namn och bygd*. 1–37.
- Sandnes, Jørn 1992: «Norske stedsnavn og hedensk kultus. En vurdering av Magnus Olsens teorier i lys av nyere forskningsdebatt». I: *Sakrale navne*. NORNA-rapporter 48. Redigert av Gillian Fellows-Jensen og Bente Holmberg. Uppsala. 9–21.
- Sannan, Kristin Sundve 2007: «Sakrale stedsnavn i Østfold i forskningshistorisk lys». Hovedoppgave ved Universitetet i Oslo. Oslo.
- Steenstrup, Johannes 1896: «Nogle Undersøgelser om Guders Navne i de nordiske Stednavne». I: *Dansk Historisk Tidsskrift* 6:6. 353–388.
- Vikstrand, Per 2001: *Gudarnas platser. Förkristna sakrala ortnamn i Mälardalen*. (Acta Academiae regiae Gustavi Adolphi 77. Studier til en svensk ortnamnatlas 17.) Uppsala.
- Vågslid, Eivind 1958: *Stadnamntydingar*. Oslo.
- Vågslid, Eivind 1963: *Stadnamntydingar* 1. Oslo.
- Wessén Elias 1921: «Forntida gudedyrkan i Östergötland 1». I: *Särtryck ur Meddelanden från Östergötlands fornminnes- och museiförening*.

Fargenemningar i gamle kunamn

Av Ola Syrstad

The author of this article discusses the naming of cattle based on the coat colour of the cow in question. He mentions the fact that the names of cows given according to the colour of a particular cow take the following factors into consideration: the predominant colour, the extent of a particular colour and the mixture of colours. There is a vast diversity of colours and mixtures of colours among cattle and these colours are very often based on a particular pattern. Usually the colour and the patterns of colour are associated with specific types of cattle. Ola Syrstad has investigated a material based on three lists of names of cows amounting to approximately 3000 names from Molde, Seljord and Røros from the period 1897–1911. There are great differences between the lists of names from these areas precisely because the cows in these three areas have different colours. He mentions several characteristic examples which serve to illustrate this fact. Towards the end of his account the author comments on different threats to the old names of cows such as new breeds of cattle and a reorganisation of cattle breeding, for instance larger herds, multipurpose cow sheds, joint operation, shorter life-span and data registering of the herd.

Kjennemerke

Hos storfe er fargen på hårlaget det viktigaste av alle kjennemerke. Han er fullt utvikla alt når dyret blir født og endrar seg lite med alderen. Dette gjeld både *grunnfargen* (fargen på dei partia som ikkje er kvite), *utstrekninga* av dei partia som er farga, og *fordelinga* av desse partia. Utstrekning og fordeling av dei farga partia utgjer til saman det vi gjerne kallar *fargeteikninga*.

Mangfaldet av farge er større hos storfe enn hos dei aller fleste andre dyreslag. *Svart* og *raudt* er dei vanlegaste fargane, men også *grått* og *brunt* er vanleg. I tillegg opptre dei fleste fargane i ulike variantar og nyansar. Ei blan-

ding av svarte og kvite hår kan gi inntrykk av *blått*. Mørke striper i ein ljosare grunnfarge (oftast raudt eller grått) gir *brannet* farge.

Enda større er mangfaldet når det gjeld fargefordeling (teikning). Dersom dei farga partia er så store at dei dekkjer heile kroppsoverflata, er dyret *einleta* (einsfarga). Små kvite flekker på eit dyr som elles er einleta, blir kalla *avteikn*. Det hender også at det kvite breier seg ut over heile kroppen, slik at berre ørene og mulen er farga. Mellom desse to ytterformene har ein alle moglege mellomformer, med farge på større eller mindre deler av kroppen.

Fordelinga av dei farga partia følgjer oftast eitt eller anna mønster. Dersom kvite og farga flekker opptrer om einannan over mest heile kroppen, seier ein at dyret er *botet* eller *broket*. Når flekkene på dei to sidene av kroppen heng saman over ryggen på dyret, slik at dei kan minna om ein ridesal eller kløvsal, er dyret *salet*. Ved *sidet* teikning er det sidene som er farga, mens ryggen og undersida av kroppen er kvite. Grenselina mellom dei kvite og dei farga partia er ofte uregelrett og buktande, gjerne med små farga prikkar (dropler) i overgangen.

Rasemerke

For hundre år sia var det dei lokale ferasane som rådde grunnen over heile landet. Desse rasane var for det meste utvikla ved utval i ein febestand som var sær s ueinsarta. Skiftebrev og andre dokument frå tida omkring 1800 fortel at det var svarte, raude og grå kyr om einannan på same gard, somme einsfarga, andre botete eller flekkete.

Det meir planfaste arbeidet med å avla fram betre dyreslag tok til i siste halvdel av 1800-talet. På denne tida var tankegangen at ein rase måtte vera einsarta, særleg i farge og andre ytre eigenskapar. Fargen vart eit viktig rase-merke, og mykje av avlsarbeidet gjekk ut på kle dyra i den «rette» uniforma. Mang ein kalv vart slakta av di han var raud i staden for svart eller hadde ein kvit flekk for mykje. Men å få fram ein «konstant» rase var lettare sagt enn gjort. I somme høve heldt det fram å koma kalvar med avvikande farge i mange generasjonar.

Kunamn

Her i landet er det lang tradisjon for at kyrne skal ha eit namn. På dei mange små bruka var kyrne mest for familiemedlemer å rekna. For oksane var det mindre vanleg med eigne namn, dei var oftast ikkje esla til noko langt liv korso. Men etter at det planfaste avlsarbeidet tok til på slutten av 1800-talet, vart det viktig å ha namn også på oksane, i alle fall på dei som skulle brukast til avl.

Mange kunamn som vart nytta i tidlegare tider, finst att i kulokkar og andre regler. Også i gamle skiftebrev er kyrne ofte nemnde med namn. Frå litt nyare tid er det eit rikt tilfang av namn på både kyr og oksar i katalogar for fesjåa

(dyrskua). Frå siste halvdel av 1800-talet vart det halde fesjå over heile landet, men den første tida var det truleg ikkje vanleg med trykte eller skrivne katalogar. I somme høve vart likevel namn på premierte dyr tatt inn i lokalavisene i samband med ein omtale av sjået.

Materialet

Grunnlaget for denne artikkelen er henta frå katalogar for fesjåa i Molde i åra 1900–1911, Seljord 1897–1900 og Røros 1894 og 1905–1909. Namn på alle kyr og kviger som var innmelde til sjåa, i alt kring 1000 dyr i Molde, 1200 dyr i Seljord og 600 dyr på Røros, vart registrerte. Etter ei varsam redigering, der ulike former og skrivemåtar av same namn vart samla, sto det att 335 ulike namn i Molde (Romsdal), 255 namn i Seljord (Telemark) og 164 namn på Røros.

Dei tre namnelistene var særst ulike. Av dei 335 namna som utgjorde lista frå Romsdal, var det berre 27 namn som fanst også på telemarkslista og 28 namn som fanst på lista frå Røros. Ingen namn var mellom dei 15–20 vanlegaste på meir enn ei av listene. Den store skilnaden kjem for ein stor del av at kyrne i dei tre områda var av ulik farge. Det høver difor best å drøfta dei tre namnelistene kvar for seg.

Romsdal: Grådue og Grålin

På slutten av 1800-talet vart arbeidet med etablering av lokale ferasar tatt opp over heile landet. I 1893 gjorde landhushaldsselskapet i Romsdals amt (no Møre og Romsdal fylke) vedtak om å satsa på eit grått, for det meste kollet (hornlaust) feslag som det var mykje av i dei ytre bygdene. For å fremja dette føremålet vart gråe dyr sterkt favoriserte på fesjåa.

Heile 18 prosent av kyrne i Romsdal hadde namn med *grå* til føreledd. Dei vanlegaste namna var Grådue (9 prosent) og Grålin (4 prosent), men også Grågås var mykje bruka. Grålin er vel kjent som kunamn i skjønnlitteraturen, og Grågås har vore nytta på gråe kyr også i andre delar av landet, men Grådue er meir sjeldsynt utanom dette fylket. I motsetnad til Grågås er Grådue ikkje noko fuglenamn, så det er ikkje lett å sjå kvifor nett denne kombinasjonen var så populær. Andre «grå-namn» var Grådokka, Gråløkke, Gråside og Gråtippa.

Etter Grådue og Grålin følgde Sølvanger, også det eit kunamn som er lite kjent og lite nytta utafør dette geografiske området. I denne samanhengen er også *sølv* ei fargenemning, mange av kyrne i Romsdal var ljøsgråe i hårlaget og vart omtala som sølvgråe. I andre landsdelar vart namn som Sølvfok og Sølvrei bruka på kyr med denne fargen. Men desse namna kunne nok også brukast utan tanke på farge.

Men gråfargen hadde også andre nyansar. Mosegrå og Måsegrå er namn på to kyr i Romsdal. Det kan også vera at det er to ulike skrivemåtar av same namn. Måser (måker) er vanlege fuglar på desse traktene, og dei har ein farge som gråe kyr godt kan liknast med. Samanlikninga med mose tykkjst meir tvilsam.

Telemark: Gullros og andre «røser»

Feet i Telemark var det første av dei lokale feslaga som vart etablert som eigen rase. Allereie i 1857 vart det skipa ein «stamjord» (dvs. avlsbuskap) av telemarksfe. Krava til dyr som skulle vera med i denne buskapen var m.a.:

«Af Farve maa de være rødsidede, lys brandsidede eller vakkert røddroblede, samt have fint rødspraglet Hoved med enkelte røde Flekker omkring Øinene og Mulen. Skjønt Farven neppe har nogen Indflydelse paa Kvægets Godhed, saa maa dog en Stamjord ogsaa i denne Henseende være ensartet, og man har valgt nævnte Farve fremfor den hos den norske Kvægrace ligesaa almindelige sortsidede, sortdroblede og hvide Farve» (sitert frå Baardseth 1956:52).

I namnelista for Telemark var det ikkje eit einaste namn med *grå* som føreledd. Uniforma med dei raude sidene hadde fått fullt gjennomslag, og om det skulle slenga ei grå ku, ville ho truleg ikkje sleppa inn på dyrskuet. Men det var heller ikkje noka ku med namn som byrja på *raud* (eller *rød*), slik ein skulle venta. Det vanlegaste føreleddet var *gull* (med ulike skrivemåtar), 15 prosent av kyrne på sjået i Seljord hadde slikt namn. Gullros var det namnet som var mest brukt (9 prosent), men også Gullrei, Gullbot og Gullsi var vanlege. Namn på *gull* var mykje nytta også i andre raude rasar, og enda meir på raude kyr innan rasar der slik farge var sjeldsynt (t.d. sidet trønderfe og nordlandsfe). Alt dette tyder på at *gull* tente som eit slag kodeord for raud farge, at det vart ei fargenemning (jfr. songstrofa «Langt mere verd enn det røde guld ...»).

Brannet farge på sidene var vanleg i telemarksfeet den første tida, og Brandros var eit av dei namna som var mest brukte. Andre namn med opphav i denne fargen var Brandfok og Brandsi.

Nest etter *gull* var *ros* det vanlegaste føreleddet i kunamna frå Telemark, med Ros(e)lin og Ros(e)bot som dei mest brukte namna. Men *ros* var først og fremst bruka som etterledd. Dei mest vanlege ros-namna (ved sida av Gullros og Brandros, som alt er nemnde) var Laurros/Løvros, An(e)ros, Blom(me)ros, Mairos, Leikros og Liljeros. Heile 40 prosent av kyrne i dette materialet hadde namn som enda på *ros*. Også dette er ei fargenemning, men det har ingenting med rosa farge å gjera, slik det iblant har vore hevda, og truleg heller ikkje med blomen (rose) eller med rosande omtale. Namnet Rosa, som blir brukt både til

kyr og til kvinner, er av same opphav, og tonelaget som dette namnet blir uttala med, syner at det er eit einstavingsord (ros) i bunden form. Det er vel dette ordet som går att i *rosemåling*, også dette har lite med blomar å gjere. Eit av dei mest vanlege namna i dette materialet var Røslin, og den første delen av dette namnet er kanskje ei fleirtalsform av *ros* (bøygd på same vis som rot-røter). Det blir meir om *ros* i neste avsnitt.

Eit etterledd som var vanleg i Telemark, men heller sjeldsynt andre stader, var *bot*. Stasbot og Gullbot var dei namna som var mest bruka, men også Garsbot, Rosebot og Fribot var vanlege. Også bot er ei nemning med fleire tydingar, men i denne samanhengen er det langt på veg det same som *ros*, dvs. ein farga flekk på kvit botn. For meg fell det naturleg å bruka *bot* om ein flekk som er vel avgrensa, medan ei *ros* gjerne er litt frynsete i kanten, med fleire små prikkar (dropler) i grenselandet mellom dei farga og dei kvite partia. På same vis som *ros* blir også *bot* mest nytta i adjektivisk form (roset, botet).

Røros: Rosenkoll og Løkkros

Opptaket til arbeidet med å utvikla rørosfeet var eit fesjå på Røros i 1894. I ein rapport frå dette fesjået vart dyra omtala slik:

«Det var dyr med god Kropsbygning og udpregede Melketegn. Farven hvid med sorte Sider og en Del sorte Flekker paa Hals og Hoved samt kollet» (Anzjøn 1895:37). Dette vart også uniforma da rørosfeet spreidde seg til andre geografiske område og til slutt vart den dominerande rasen i mest heile landet nordafjells med unntak av bygdene kring Trondheimsfjorden. Men også dyr med annan farge enn svart vart godtekne.

Det mest brukte kunamnet på Røros for 100 år sia var Rosenkoll. Dette namnet gir i eitt ord uttrykk for det som er mest særmerkt for dyr av rasen: roset og kollet. Rosengås og Rosenlin var også vanlege kunamn på denne tida. Kyr med den fargeteikninga som er særmerkt for rørosfe og telemarksfe blir omtala som rosete anten fargen på røsene er raud eller svart. Den substantiviske forma av ordet (*ros*) finst ikkje (i denne tydinga) i dei vanlege ordlistene, og heller ikkje i Norsk Landbruksordbok. I setelarkivet til Trønderordboka er *ros* m.a. definert som ein flekk, ei teikning eller ein figur, og det høver godt i denne samanhengen.

Også på Røros var *-ros* det vanlegaste etterleddet i kunamn, slik det var i Telemark, men namna var langt frå dei same. Det vanlegaste *ros*-namnet på Røros var Løkkros, deretter følgde Hjartros og Annaros, mens meir kjende kunamn som Dagros, Mairo og Springros kom litt lenger ned på lista. Fagerros og Fjellros og ei rad andre namn fanst berre ein einaste gong. I alt var det over 30 ulike namn som enda på *-ros* i tilfanget frå Røros.

Stjerne

I Romsdal var det ikkje mange kyr med namn på *ros*, sikkert av di dyra her ikkje var rosete på same vis som i Telemark og på Røros. Fargeidealet var ei mest mogleg einleta grå ku, men små kvite avteikn vart godtekne, og det mest vanlege avteiknet var stjerne (dvs. kvit flekk i panna). Det er difor ikkje underleg at Stjerne kom langt fram på lista over dei mest brukte kunamna i dette området (delt sjetteplass). Ordet vart også bruka som føreledd eller etterledd, i namn som Stjernros og Morgenstjerne. I tillegg til den astronomiske tydinga av ordet (stjerner på himmelen) blir det også bruka om personar eller ting som merkjer seg ut på eit eller anna vis (t.d. idrettsstjerne, stjernegrís). Det kan vel tenkjast at den siste tolkinga også har vore framme i tankane i somme høve, kanskje særleg når namnet har vore nytta som etterledd. Men Stjernepanne er eit namn som ikkje kan mistydast. Det fortel ikkje berre at kua har ein kvit flekk, men også kvar denne flekken er plassert.

Nokre sjeldne namn

Mange namn førekjem berre ein eller to gonger i dette materialet. Somme av namna gir klåre assosiasjonar til farge. Dette er nokre av dei:

I namnelista frå Romsdal var det berre ei einaste ku med namn som enda på *bot*. Ho heitte Korsbot, eit namn som kan tolkast på minst to ulike måtar. Den tolkinga som ligg nærast, er kanskje at kua har ein flekk (bot) som minner om ein kors. Men det kan også tenkjast at føreleddet skal fortelja kvar på kroppen flekken er lokalisert. Korsen (eller krysset) er kroppsdelen frå hoftene og attover til halefestet.

Eit anna særmerkt namn på lista frå Romsdal er Brunfot, og her er det ikkje rom for mange tolkingar. Men det ville vera rart om det var berre foten som var brun.

Albina. Ekte albino, som heilt vantar evne til å laga fargestoff, er særst sjeldne hjå storfe, så namnet har helst vore nytta på ei ku som har hatt farge berre på mulen og øyro, men elles har vore kvit over heile kroppen.

Indigo er eit viktig fargestoff (indigoblått), men det er også namnet på ei kvinne i eit arabisk eventyr, så kanskje har namnet kome derifrå. Elles er namn med *go* eller *god* heller vanlege kunamn mange stader i landet.

Er også -lin ei fargenemning?

Ved sida av -ros er -lin det vanlegaste etterleddet i norske kunamn. I tillegg til Grålin og Roselin, som alt er nemnde, er Staslin, Roselin, Lauvlin og fleire andre mykje bruka. Tydinga er usikker. Karbø og Kruken (1991:36 og 70) refererer fleire forfattarar, heilt frå Ivar Aasen, og gjer framlegg om «raud med kvit

rygg». Til støtte for dette nemner dei at Raulin har vore eit vanleg kunamn i telemarksfeet, som har nett dette fargemønsteret. I det materialet som ligg til grunn for denne artikkelen var det ikkje ei einaste telemarksku som heitte Raulin, men det var mange andre «liner».

I dokument frå 1800-talet er kunamn som endar på -lin ofte skrivne med ein *d* til slutt, t.d. Anelind og Frøлинд (Baardseth 1956:48). Dette tyder på at den siste stavinga vart uttala med kort vokal (som i vind). Kanskje opphavet er adjektivet linn (dvs. mild, varleg).

Namneskikk i endring – også på fjøset

Gjennom den første halvdel av det førre hundreåret var det dei lokale ferasane som rådde grunnen i det meste av landet. I seinare tid har dei vorte fortrengde av rasar som har kome inn i landet utafra, rasar med andre fargar og teikningar. Gråe kyr finst snauvt lenger, og kyr med roser tek til å bli sjeldne. Somme av dei gamle kunamna høver ikkje så godt og er på veg ut. I staden blir mange vanlege kvinnenamn tatt i bruk også til kyr.

Eit anna og meir alvorleg trugsmål mot dei gamle kunamna er dei store endringane i strukturen av fedrifita her i landet. Dei mange små buskapane har for det meste vorte borte, og dei store har vorte større. Dette er ei utvikling som etter alt å døma vil halda fram også i åra som kjem, m.a. med bygging av fellesfjøs og andre former for samdrift mellom fleire bruk. Kravet om at kyrne ikkje lenger skal stå bundne på bås, men gå lause i bingar, vil truleg verka i same lei. Kyrne er heller ikkje esla til eit så langt liv som dei var tidlegare, dei blir gjerne skifta ut etter to-tre kalvingar.

Med større buskapar og kortare levetid på kyrne vil kontakten mellom menneska og det enkelte dyret naturleg nok bli mindre, og det blir ikkje lenger så sjølvsgagt at kvar ku skal ha eit namn. Dataalderen er komen til fjøset for lenge sia, og til denne bruken er eit nummer meir tenleg enn eit namn. Om nokre år blir det kanskje sett på som gamaldags med namn på kyrne.

Litteratur

- Anzjøn, E. 1895. I *Aarsberetning angaaende de offentlige Foranstaltninger til Landbrugets Fremme for Aaret 1894*. Kristiania.
- Baardseth, K. 1956. Telemarkfe gjennom 100 år 1856-1956. [Porsgrunn]: Telemark Landbruksselskap.
- Karbø, A. og Kruken, K. 1991. Gullhorn og dei andre. Kunamn i Noreg. Oslo: Landbruksforlaget.
- Katalogar for feskjå i Molde 1900-1911, Seljord 1897-1900 og Røros 1905, 1908 og 1909.

Tillegg

Dei mest brukte kunamna i kvart av dei tre områda.

Romsdal		Telemark		Rørøs	
Grådue	98	Gullros	110	Rosenkoll	30
Grålin	42	Staslin	59	Krone	29
Sølvanger	22	Lauvros	49	Løkkros	27
Edelin	21	Ros(e)lin	46	Velkom	21
Julegave	19	Sølvfok	37	Prøve	20
Grågås	15	An(e)ros	35	Løkke	19
Kronborg	15	Blom(me)ros	35	Kranslin	18
Stjerne	15	Mairos	33	Dronning	13
Nyttårgave	14	Røslin	29	Malfrau	12
Krone	12	Gjævrei(d)	28	Hjartros	11
Tyra	12	Godigar(d)	28	Julgås	10
Morgenstjerne	11	Lauvlin	26	Morban	10
Aftenstjerne	10	Krans(e)lin	22	Setergås	10

Fra Nordahl Griegs vei til Willy Valentinsens vei

Noen utfyllende kommentarer fra et lokalområde

Av Audun Knappen

Audun Knappen bases his account on Ole-Jørgen Johannessen's article published in 2008, an article on the names of roads and streets named after people who died or were killed during the Norwegian resistance during the Second World war. The article embraces the premises on which Johannessen's article is based and the conclusions drawn, yet adds important comments and supplements. Knappen exemplifies challenges related to sources, and provides further insight into the political and bureaucratic endeavours that may be behind the creation of these types of names. The political and bureaucratic effort in particular is thoroughly investigated.

Namn og Nemne årgang 25 – 2008 bringer en artikkel av Ole-Jørgen Johannessen: *Fra Nordahl Griegs vei til Willy Valentinsens vei* om vei- og gatenavn som er gitt etter personer som falt eller ble drept i den norske motstandskampen under den annen verdenskrig. Med pasjon for lokal okkupasjonshistorie leste jeg artikkelen med særlig interesse. I omtalen av de aktuelle veier/gater i Drammens-området viser det seg å være formuleringer som bør kommenteres, og noen korrigeres, og der savnes også et gatenavn, men merknadene rokker ikke ved premisser eller konklusjon i artikkelen. Snarere har de en funksjon som påminner om noen kildemessige utfordringer en slik undersøkelse står overfor. I tillegg til at de vel også gir økt innsikt i hvilket politisk og byråkratisk strev som kan ligge til grunn ved etablering av slike stedsnavn.

Alv Johnsens veg, Seebergs veg (Lier kommune, Buskerud)

Om Alv Johnsen kan det opplyses litt mer utfyllende at han ble skutt 14.10.1943 som gissel for kommunistenes sabotasjeaksjon mot Sørlandsbanen like øst for

Mjøndalen stasjon 7.10.1943. Fire personer til ble skutt av samme grunn. Det er et av motstandskampens paradoks at Johnsen, som ingeniør og fabrikkdirektør på Gullaug sprengstoffabrikk i Lier, medvirket til at kommunistiske sabotører («Osvald-gruppen») fikk sprengstoff derfra, noe som kan ha blitt brukt i aksjonen han selv ble arrestert etter og skutt for (Pettersen 2002:116). Om det er noen sammenheng mellom leveransen og arrestasjonen, er ikke avklart. Alv Johnsen bodde inntil arrestasjonen i direktørboligen ved fabrikk.

Ingen av de fire øvrige henrettede (to fra Drammen og to fra Nedre Eiker) er minnet med vei- eller gatenavn i sine respektive hjemkommuner.

Høyesterettsadvokat Per Seeberg var født i Drammen og drev sin praksis med kontor i Drammen, men hadde bostedsadresse Solhaug i Lier da han ble arrestert i februar 1944. Nøyaktig dato er noe ulikt oppgitt. Arrestasjonsgrunnen er ikke tilfredsstillende klarlagt. Han omkom på vei til Tyskland ved fangeskipet D/S Westphalens forlis 8. september samme år.

På minnesteinen over Liers falne ved herredets hovedkirke, Frogner, er Seeberg ikke tatt med. Det er han derimot på minnesteinen over falne fra Bragernes menighet på Bragernes kirkegård i Drammen. Vinteren 1951 skulle ti nye veier navnes i Lier. Om det nå var bredt seg en erkjennelse av at Seeberg var liung, er usikkert, for på et oppdrag av 16.2.49 fra formannskapet fremmet bygningsrådet i Lier 25.1.51 forslag om at to av de ti nye navnene skulle være Seebergs vei (gate 3) og Spangens vei (gate 7). Begrunnelsen var at «Gate nr. 3 og 7 er oppkalt etter patrioter som satte livet til i okkupasjonsårene». Det interessante her er imidlertid det siste navnet. Gunnar Spangen fra Løten i Hedemark var også advokat, han hadde omtrent fra okkupasjonens start vært fullmektig hos Seeberg noen år, han var også blitt likvidert av tyskerne (1.7.44) på samme måte som Finn Arheim (se nedenfor), men han hadde i sin Drammensperiode hele tiden hatt bostedsadresse i byen (Knappen 1998:256).

I formannskapetets møte 19.2.51 ble både «Seeberg» og «Spangen» vedtatt, men etter norsk skikk ble det en lengre diskusjon om det skulle hete «vei» eller «veg». Det ble «veg» etter «retningslinjer som brukes i skolene i Lier». Da saken kom til behandling i herredstyret 29.3.51, ble Spangen erstattet med Alv Johnsen, og Alv Johnsens veg og Seebergs veg ble enstemmig vedtatt. Når Johannessens kilde oppgir at veiene heter Alv Johnsens vei og Seebergs vei, er det altså feil. At et gateskilt annonserer «Alv Johnsensvei», er enda mer feil.

Finn Arheims vei, **Knut Auberts** vei, **Øyvind Jørgensens** vei (Drammen kommune, Buskerud)

For ordens skyld skal det her gis en påminnelse om at Skoger var eget herred i Vestfold fylke til 1.1.1964 da herredet ble innlemmet som en del av nabokommunen/-fylket Drammen/Buskerud.

Når det gjelder Finn Arheim, heter det i Johannessens kilde: «som ble skutt under fangetransport i 1944» (s. 76), men kilden er ukorrekt; «fangetransport» er feil. Finn Arheim ble hentet ut av sitt hjem av to gestapister om kvelden 4.12.44. Han ble ført vekk fra hjemmet til et skogholt ikke langt unna. Der ble han skutt og forlatt. Liket ble liggende i snøen til det ble funnet 16.12. Det fremkom i rettsoppgjøret etter krigen at motivet var tysk terror mot sivilbefolkningen (Knappen 1998:257).

Noen Finn Arheims vei finnes ikke, slik det er korrekt oppgitt i artikkelen. Derimot finnes i dag Knut Auberts vei og Øyvind Jørgensens vei, etablert gjennom en megetsigende prosess der høyde- og sluttpunktet var at politikerne vedtok at et tidligere vedtak gjaldt.

Allerede på 1960-tallet var den eneste veien i boligfeltet som kalles Søndre Fjell platå, gitt navnet Milorgveien. Veien er inntegnet og navnsatt på Drammen kommunes økonomiske kartverk i hvert fall så tidlig som 1970. Veien var ikke én vei, men strengt tatt tre veier. To parallelle løp med en tverrforbindelse het alle Milorgveien, og alle boliger i feltet hadde adresse til denne H'en. Etter som tiden gikk, ble det behov for å endre og legge til nye veier/veinavn.

Saken om navnsetting av nye (og gamle) veier på Søndre Fjell platå tilspisset seg høsten 1983. Etter en tid med «diverse fram og tilbake-sendelser» – slik det heter i sakspapirene – mellom Danvik/Fjell bydelsutvalg og byens navnekomité var det klart at de to instanser hadde problemer med å enes om navn på to prosjekterte veier på platået. Bydelsutvalget var svært opptatt av å hedre personer fra siste verdenskrig, som hadde bodd i dette området. Navnekomitéen på sin side var svært tilbakeholden med å trekke fram personnavn for å bruke disse i gatenavn. I navnekomitéens retningslinjer pkt.2.3. het det: «Kjente personer med sterk tilknytning til det lokale området og/eller lokalsamfunnet *kan* – i den grad en finner det rett å kalle opp personer – få sitt navn tilknyttet til offisielt navn. Nålevende personer skal ikke nyttes i den offisielle navnsetting.»

Mange år tidligere var Knut Auberts vei og Øyvind Jørgensens vei foreslått som navn på to nye veier, men i hvert fall hva angikk Knut Auberts vei satte familien seg imot dette under henvisning til at veien ble liggende godt utenfor en for den avdøde naturlig lokalisering.

I sitt møte 18.3.85 valgte Danvik/Fjell bydelsutvalg å ta fram igjen de to tidligere navneforslagene og foreslo at i stedet skulle to nye veier på Søndre Fjell platå få disse navnene. Nå ville navnene få en mer hensiktsmessig lokalisering. I sitt møte 24.4.85 vedtok navnekomitéen dette om saken: «Saken oversendes bystyre/formannskapet for endelig fastsettelse. Navnekomiteen vil nok engang anmode om at det ikke brukes person-navn som navn. En skal være svært forsiktig med å trekke fram person-navn og bruke disse som veinavn.» Navnekomitéen fremmet disse forslagene: Lingeveien og Milorgsvingen.

Saken kom til oppmålingsvesenet som var navnekomitéens sekretariat. I brev av 24.7.85 derfra om saken til teknisk rådmann ble det skrevet slik: «En anmoder formannskapet/bystyret å fatte vedtak i tråd med Navnekomiteens forslag og retningslinjer. Saken oversendes teknisk rådmanns kontor for behandling.» Rådmannen skrev sin innstilling til formannskapet 22.8.85, og det heter her om denne saken: «Den nye hovedveien i Søndre Fjell platå gis navnet Lingeveien. Veier som vil knytte Milorgveien og Lingeveien sammen gis navnet Hjemmefronten.» I dette var nå «Milorgsvingen» byttet ut med «Hjemmefronten».

Formannskapet vedtok 3.9.85 enstemmig rådmannens innstilling og oversendte saken til bystyret for behandling.

Saken kom til behandling i bystyret 24.9.85 som sak 124/85 hvor representanten Christen O. Steen (H) fremsatte følgende forslag: «Veiene bør hete: Knut Auberts vei og Øyvind Jørgensens vei». Om forslagsstilleren skal sies at han er lektor med historie i fagkretsen, med tilsvarende interesse for historiske vinklinger, og bosatt ikke langt unna de nye veiene. Forslaget ble vedtatt med 44 mot 25 stemmer som ble avgitt for formannskapets innstilling. I og med at forslaget ikke oppnådde 2/3 flertall, måtte saken tas opp til 2. gangs behandling i et senere bystyre.

I brev av 1.10.85 fra tekniske rådmann til formannskapet fant dessuten rådmannen å måtte beklage en skrivefeil i sitt vedtaksforslag av 22.8.85: «I tråd med navnekomiteens anbefaling skal det korrekte forslag til navn på veien som vil knytte sammen Milorgveien og Lingeveien være Milorgsvingen. Jeg ber om at dette blir rettet til bystyrets 2. gangs behandling av saken.» Det var en forutsetning for vedtakene at «Milorg» skulle være tema for navnsettingen.

Saken kom til 2. gangs behandling i bystyret 22.10.85 som sak 144/85 hvor Christen O. Steen gjentok sitt tidligere fremsatte forslag. For å få avgjort saken der og da ble det først foretatt en prøvevotering mellom bystyrets mindretallsinnstilling, med rettelse fra teknisk rådmann, og bystyrets flertallsinnstilling, fra forrige møte. Prøvevoteringen viste nå 38 stemmer for bystyrets flertallsinnstilling og 30 stemmer for mindretallsinnstillingen. Ved endelig votering ble flertallsinnstillingen om Knut Auberts vei og Øyvind Jørgensens vei vedtatt med 66 mot 2 stemmer. Vedtaket innebar at «den nye hovedveien i Søndre Fjell platå» ble gitt navnet Knut Auberts vei, og at veien som skulle knytte Milorgveien og den nye hovedveien sammen, ble gitt navnet Øyvind Jørgensens vei. Saken ble den 5.12.85 sendt oppmålingsvesenet til videre forøyning. Veiene ble deretter gitt veikoder.

Opparbeidelsen av de nye veiene ble etterpå stående i stampe i flere år, og gateskilt ble ikke oppsatt. I begynnelsen av det nye tusenåret ble hele veisystemet til – og innenfor Søndre Fjell platå – omsider endret. Den tidligere atkomst-

veien Milorgveien ble stengt for innkjøring på tidligere sted, og ny atkomstvei opparbeidet et helt annet sted. Dette og opparbeidelsen av flere byggetomter krevde også nye veier innenfor bo-området, med tilhørende forslag om navn.

Til bystyremøte 23.9.03 forelå det dermed følgende forslag, men ingen saksutredning, i sak 101/03: ”1) ... 2) Ny atkomstvei fram til dagens Milorgvei får navnet Milorgveien. 3) Dagens eiendommer langs Milorgveien får adresse Milorgveien og nye husnummer. 4) ... »

Teksten i forslaget pkt. 3 var i utgangspunktet uforståelig, idet eiendommer som lå langs Milorgveien allerede hadde adresser til denne. Det forelå ingen opplysninger som forklarte nærmere hvilke eiendommer det dreide seg om. I ettertid syntes vedtaket «tolket» av administrasjonen som om «dagens eiendommer langs Milorgveien» også omfattet de eiendommer som lå til de vedtatte Knut Auberts vei og Øyvind Jørgensens vei. Det må følgelig antas at forslagsstilleren, som var kultursektoren/rådmannens faggruppe i navnesaker, med setningen kan ha siktet til Milorgveiens sideveier (Knut Auberts vei og Øyvind Jørgensens vei) uten å være kjent med at disse allerede var navnsatt i 1985. Uten opplysninger om dette i en forklarende saksutredning hadde det daværende bystyret små eller ingen mulighet til å ta dette i betraktning. Forslaget ble enstemmig vedtatt.

Den nyetablerte «faggruppen» var nå kommet til som en erstatter for byens tidligere «navnekomité». Faggruppen besto av representanter for byens forskjellige historielag. Deres historiske perspektiv gikk denne gang ikke så langt tilbake som til 1985.

Etter flere innspill fra en beboer i området og en reportasje i Drammens Tidende 14.6.04, som ble innledet slik: «Fire veier med samme navn – i samme boligområde. Det er navneforvirring på Søndre Fjell platå», ble forvirringen tatt opp til avsluttende behandling i «Formannskapet – driftsstyret for økonomi og plansaker» 14.2.06, som enstemmig vedtok at «Drammens bystyres vedtak i sak nr. 144/85 om veinavn på Søndre Fjell platå opprettholdes. Bystyrets vedtak i sak nr. 101/2003, punkt 3. utgår».

I tiden som er gått etter siste vedtak, er navneskilt for de to veier Knut Auberts vei og Øyvind Jørgensens vei satt opp i boligområdet Søndre Fjell platå, og således er verken kilden eller fotnote 5) (s. 92) i overensstemmelse med dagens faktiske forhold.

Knut Dorenfeldt Aubert, Øyvind Normann Jørgensen og to til fra Drammen, samt to fra Mjøndalen og én fra Svelvik falt i kamp mot en tysk-norsk styrke ved Haglebu i Eggedal (Sigdal kommune) 26.4.45. Student Knut Aubert var født og oppvokst på gården Mellom-Fjell i Skoger. (De to andre gårdene er da Nordre Fjell og Søndre Fjell. Den sistnevnte er utgangspunktet for navnet Søndre Fjell platå.) Fabrikkarbeider Øyvind Jørgensen var fra Rognlibakken i

Fjellsbyen (Skoger), en tettbebyggelse i bakkene mot fjorden fra de høytliggende Fjell-gårdene.

Ingen av de tre falne fra Mjøndalen/Svelvik er minnet med vei- eller gate- navn i sine respektive hjemkommuner.

Knappen 1998:304 regner med 125 krigsdødsfall til sammen for nåværende Drammen og Lier kommuner. Disse dødsfallene er sant nok av ulike kategorier, men de fleste dødsfallene faller inn under Johannessens definisjon «personer som falt eller ble drept i den norske motstandskampen under den annen verdenskrig» (s. 70). Det synes i ettertid tilfeldig at bare fire av disse er minnet med gatenavn, når denne mulighet først er tatt i bruk. Og det er heller ikke lett forståelig at det er blitt nettopp disse fire. Andres innsats og skjebne må vel kunne regnes som like verdt å minnes. Det er uforståelig at for eksempel bare to av de fire falne drammensere fra Haglebu-trefningene er minnet slik. Årsaken er vel så triviell som at det ikke har vært interesse for saken og/eller kraft nok blant folk i de falnes nærmiljøer. Johannessen har et poeng: «Vi kan med andre ord avlese en mentalitet hos dem som har eller hadde myndighet i denne typen offentlig navngiving, enten på egne vegner eller på vegne av stor-samfunnet» (s. 70). Man kan mene mangt om denne mentaliteten, men entydig er den ikke.

Jeg vil videre peke på artikkelens formulering «Hele 15 personer hadde tilknytning til Milorg, ... og en fra Drammen...» (s. 84). Som påvist er det riktige antall **to** fra nåværende Drammen. Både Aubert og Jørgensen var jegere i Milorg-området 14.14. Det var jegere fra Milorg-distrikt 14.1 (Nedre Buskerud, samt herredene Skoger og Strømm i Vestfold) som utgjorde hovedtyngden av de mannskaper som var på troppsførerkurs under base Elg ved Haglebu i krigens siste uker.

Hammerøs vei (Svelvik kommune, Vestfold)

Et veinavn som savnes i Johannessens undersøkelse, er Hammerøs vei i nåværende Svelvik kommune, Vestfold. Ekteparet Petter Albert og Sigrid Hammerø, før og under krigen bosatt i Oslo, eide ei sommerhytte på Syvertsvollen ved Drammensfjordens vestside, i daværende Strømm herred, Vestfold. Begge ektefeller ble henrettet for motstandsvirksomhet under krigen. Petter Hammerø ble skutt 5.9.44 på Trandum, for å ha skaffet viktige opplysninger for etterretningstjenesten, falske pass, legitimasjonskort osv (Ording & al. 1949–51, II: 141; Knappen 1985). Sigrid Hammerø ble skutt 20.7.44 på Grini som et «Blumenpflücken»-offer, angivelig fordi hun hadde deltatt i sin manns illegale arbeid (Ording & al. 1949–51, II: 141; Knappen 1985; Nøkleby 1996: 155).

Da Svelvik kommune vinteren 1980 skulle navnsette en vei ved den aktuelle hytteeiendommen, var administrasjonens forslag Syvertsvoldveien, og det ble

vedtatt i kommunestyret 21.2.80. I et brev av 12.3.81 til Svelvik formannskap viste tidligere «hyttenaboer» av Hammerø til at siden det fortsatt ikke var satt opp nye gateskilt i samsvar med vedtaket, fant man å ville peke på «Hammerøs vei» som et bedre navn, og viste til at den aktuelle veien i begynnelsen av 1930-årene var anlagt som bilvei for Hammerøs egen regning. Brevet viste også til ekteparets illegale arbeid under krigen; hytta var benyttet i det arbeidet. Ekteparet Hammerø var ansett som noen svært sympatiske sommergjester, deres skjebne skulle ikke glemmes, men minnes med et veinavn. Svelvik kommunestyre viste stor sjenerøsitet overfor to tragiske skjebner ved å ta innvendingene til følge, og vedtok 25.6.81 enstemmig at vedtaket fra 21.2.80 skulle endres og veien skulle gis navnet Hammerøs vei. Johannessens formulering «Som det eneste eksempel på at kvinner har gitt navn til veier ...» (s. 80) må derfor modifieres noe.

Ekteparet Petter Albert og Sigrid Hammerø hadde ikke annen tilknytning til Svelvik kommune (Strømm herred) enn gjennom sin sommerhytte «Eikelund».

Litteratur

Drammen bystyre, saksdokumenter. Sak 124/85, 144/85, 101/03.

Drammen formannskap, saksdokumenter. Sak 008/06.

Lier herredstyre, saksdokumenter. Sak 21/1951.

Svelvik kommunestyre, saksdokumenter. Sak 68/1981 med vedlegg.

